



*bustadkreditt
sogn og fjordane*



Årsmelding

2022

Innhold

3	Hovudtal
4	Årsmelding 2022
8	Resultat
9	Balanse
10	Kontantstrømoppstilling
11	Eigenkapitaloppstilling
12	Notar
42	Erklæring frå styret og dagleg leiar
43	Revisjonsmelding
47	Opplysningar om selskapet

Framsidefoto: Michaela Klouda

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS

Hovudtal

TAL I TUSEN KRONER

RESULTATREKNESKAP	31.12.22	31.12.21
Resultat etter skatt	118 912	183 273
Netto renteinntekter i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,74 %	1,04 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,46 %	0,77 %

HOVUDTAL FRÅ BALANSEN

Brutto utlån til kundar	27 938 103	23 309 972
Nedskrivning på utlån	21 587	10 158
Eigenkapital	2 280 444	1 944 532
Forvaltningskapital	28 328 634	23 716 815
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	25 843 097	23 692 219

ANDRE NØKKELTAL

Kostnader i % av driftsinntekter	7,06 %	4,85 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (Resultatført)	0,04 %	0,00 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (Balanseført)	0,08 %	0,04 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt *)	6,42 %	10,21 %
Kapitaldekningsprosent	20,57 %	19,48 %
LCR (Likviditetsindikator)	440 %	707 %
NSFR (Likviditetsindikator)	104 %	

BALANSEUTVIKLING 12 MND. VEKST

Vekst i forvaltningskapital	19,45 %	5,96 %
Vekst i utlån til kundar	19,85 %	6,78 %

OPPLYSNINGAR OM UTLÅNSPORTEFØLJEN

Overdekning i sikringsmassen (mill. kr)	6 162	2 779
Overdekning i sikringsmassen (%)	28,8 %	13,6 %
Indeksert belåningsgrad	56,9 %	55,6 %
Uindeksert belåningsgrad	60,6 %	59,6 %
Utferda OMF-volum pålydande (mill. kr)	21 436	20 400
Anna fyllingssikkerheit enn utlån (mill. kr)	136,1	142,1
Vekta tid sidan låna vart oppretta (år)	3,3	3,4
Vekta restløpetid for utlåna (år)	19,8	19,2
Andel lån med flytande rente	100,0 %	99,9 %
Andel lån med fast rente	0,0 %	0,1 %
Andel fleksilån	12,5 %	13,9 %
Gjennomsnittleg volum pr. lån (mill. kr)	1,57	1,55
Tal lån	17 818	15 057
Andel lån med trygd i bustad i utlandet	0 %	0 %

*) Rekna av inngåande eigenkapital justert for kapitalutviding og utbetalt utbytte.

Årsmelding 2022

Hovudtrekk

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er eit heileigd dotterselskap av Sparebanken Sogn og Fjordane. Selskapet er etablert ved banken sitt hovudkontor i Førde.

Sparebanken Sogn og Fjordane fekk i januar 2009 konsesjon frå Finanstilsynet til etablering av bustadkredittføretak og utferding av obligasjonar med fortrinnsrett. Ved utgangen av 2022 er det utferda obligasjonar med fortrinnsrett for 21,4 mrd. kr, og i desember 2019 la selskapet ut sin første grønne obligasjon. Selskapet har ved slutten av 2022 1,9 mrd. i grønne obligasjonslån. For meir informasjon kring rammeverket for grønne obligasjonar, viser vi til selskapet sine nettsider.

Selskapet har ei samla sikringsmasse på 27,6 mrd. kr. Dette gir ei overdekning på 28,8 % i forhold til det utferda OMF-volumet. Sikringsmassen er samansett av bustadlån til ein bruttov verdi på 27,9 mrd. kr, og bankinnskot på til saman 136,1 mill. kr. Bankinnskota inngår som fyllingssikkerheit. Fyllingssikkerheita utgjør 0,49 % av samla sikringsmasse. Av utlånsvolumet er 12,5 % fleksilån.

Etableringa av Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har vore ein viktig del av Sparebanken Sogn og Fjordane sitt arbeid for å sikre langsiktig finansiering. Føretaket har også vore avgjerande for å kunne tilby kundane bustadlån til konkurransedyktige vilkår. Ved utgangen av 2022 var det 17.818 bustadlån i kredittføretaket.

Gjennomsnittleg lånegrad (vekta etter innvilga volum) er på 56,9 %, og vekta gjennomsnittleg nedbetalingstid er på 19,8 år. Vekta tid sidan låna vart oppretta er 3,3 år. Gjennomsnittleg lån pr. kunde er på 1,6 mill. kr. Veksten i brutto utlån siste år er på 4.628 mill. kr.

Den geografiske fordelinga av utlånsporteføljen, etter bustadadressa til låntakarane, ser slik ut:

5 STØRSTE FYLKE I UTLÅNSVOLUM

Fylke	Prosent
Vestland	73,7 %
Oslo	9,9 %
Viken	8,8 %
Møre Og Romsdal	1,9 %
Rogaland	1,6 %
Resten av landet	4,1 %
Totalt	100 %

5 STØRSTE KOMMUNAR I UTLÅNSVOLUM

Kommune	Prosent
Bergen	18,3 %
Sunnfjord	15,5 %
Kinn	12,0 %
Oslo	9,9 %
Sogndal	5,7 %
Resten av landet	38,6 %
Totalt	100 %

FORDELING UTLÅNSVOLUM

Lånestørrelse	Volum (mill. kr.)
0 – 1 mill.	3.244
1 – 2 mill	7.432
2 – 3 mill.	7.763
3 – 4 mill.	4.591
over 4 mill.	4.908
Totalt	27.938

Resultatrekneskapan

Selskapet har i 2022 oppnådd eit driftsresultat før nedskrivning på utlån og skatt på 164,2 mill. kr. Ved utgangen av 2022 er det kostnadsført netto 11,5 mill. kr for endring i nedskrivning på utlån.

Årsresultatet etter skatt er på 118,9 mill. kr. For 2021 var årsresultatet etter skatt på 183,3 mill. kr.

Forvaltningskapitalen har auka med 4,6 mrd. siste året, medan rentenettoen er redusert med 22,3%

Netto renteinntekter i 2022 utgjør 191,4 mill. kr. Dette svarer til 0,74 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Tilsvarende tal for 2021 var netto renteinntekter på 246,4 mill. kr, som utgjorde 1,04 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Driftskostnadene for 2022 er på 12,5 mill. kr og utgjør 7,1 % av samla driftsinntekter. I 2021 var driftskostnadene 12,0 mill. kr (4,85 % av samla driftsinntekter).

Selskapet har ingen tilsette, og kjøper tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Alle kjøpte tenester er baserte på marknadsmessige vilkår. Den største kostnaden er knytt til kjøp av tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane.

Forventa tap på utlån og utvikling i misleghaldne engasjement

Kredittforetaket nyttar Sparebanken Sogn og Fjordane sine retningslinjer for vurdering av forventa tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar.

Selskapet har ved utgangen av 2022 17 lån i misleghald over 90 dagar, men ingen konstaterte tap. I 2022 er det utgiftsført netto 11,5 mill. kr for endring i nedskrivning. Samla balanseført nedskrivning er på 21,6 mill. kr, og utgjer 0,04 % av brutto utlån. Dette er ein vesentleg auke frå fjoråret. Årsaka er knytt til auka sannsyn for bustadprisnedgang og negativ påverknad på privatøkonomien gjennom auka renter og kostnader. Misleghaldet vert følgd nøye opp.

Balanse og kapitalforhold

Forvaltningskapitalen har auka i takt med utlånsporteføljen, og er no på 28.329 mill. kr pr. 31.12.2022. Dette er ein auke på 4.612 mill. kr det siste året. Selskapet baserer innlåna frå finansmarknaden på utferding av obligasjonar med fortrinnsrett. I tillegg har selskapet gode og langsiktige kredittavtaler med Sparebanken Sogn og Fjordane.

I 2022 vart det utbetalt 183 mill. kr i utbytte til morbanken. Beløpet var lik resultatet i selskapet for 2021. Eigenkapitalen er ved utgangen av året 2022 på 2.280 mill. kr, og i løpet av 2022 henta selskapet inn ny aksjekapital frå mor på 400 mill. kr. All eigenkapital i selskapet er rein kjernekapital, og den reine kjernekapitaldekninga er på 20,57 %. Kapitaldekninga blir rekna ut med utgangspunkt i målingar av kredittrisiko etter standardmetoden og operasjonell risiko etter basismetoden.

Styret vurderer selskapet sin eigenkapital som tilfredsstillande og forsvarleg sett i høve til bustadkredittforetaket si verksemd og drift.

Internasjonal rating

I september 2011 fekk OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS tildelt long term rating Aaa frå ratingbyrået Moody's. Denne ratinga har vore uendra i etttertid. Etter at Moody's reviderte rating-systemet sitt i 2015, og etter oppgradering av Sparebanken Sogn og Fjordane til A1, er Aaa-ratinga til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS vurdert som meir solid enn tidlegare.

Garantiar og pantesikring

Selskapet har ikkje gitt nokon form for garanti. Det er heller ikkje stilt trygd utover bustadlåna og fyllingssikkerheita som ligg i sikringsmassen. Bustadlåna og fyllingssikkerheita ligg som trygd for obligasjonane med fortrinnsrett.

Risiko

Med konsesjon som kredittforetak er Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS underlagt lover, forskrifter og regelverk som avgrensar risikoen selskapet kan vere

eksponert for. Styret og dagleg leiar er ansvarlege for at det er etablert ei forsvarleg risikostyring, og at denne er tilstrekkeleg og i samsvar med lover og reglar.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er utsett for kredittrisiko, operasjonell risiko, likviditetsrisiko og marknadsrisiko. Kredittrisikoen er den mest omfattande av desse. Det er utarbeidd rammer for risikoeksponeringa knytt til dei ulike risikotypene. Styret legg vekt på at selskapet skal ha låg risiko.

Kredittrisiko


Kredittrisiko er fare for tap som følgje av at kundane/motparten ikkje har evne eller vilje til å oppfylle pliktene sine overfor Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Selskapet har i eigen kravspesifikasjon fastsett krav til lån som kan kjøpast frå morbanken. Krava er strenge, og medfører at kredittrisikoen i utgangspunktet er låg. Krava spesifiserer lånetype, lånegrad, risikoklasse og type pant som må vere på plass for å kunne kjøpe låna. Ved utgangen av 2022 er den gjennomsnittlege lånegraden i selskapet 56,9 %, målt i forhold til godkjend verdi på panteobjekta utarbeidd av Eiendomsverdi AS

Styret vurderer kvaliteten på låneporteføljen som god og kredittrisikoen som låg.

Figuren under viser vekta lånegrad for låna som ligg i kredittforetaket.

Vekta belåningsgrad



Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko som oppstår som følgje av at føretaket har posisjonar i utlån og finansielle instrument, og der verdiane over tid blir påverka av endringar i marknadsprisar. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har ikkje investert i aksjar eller valuta, så all marknadsrisiko knyter seg difor til renterisiko. I risikorammene til selskapet er det sett rammer for kor stor marknadsrisiko selskapet kan ta. Styret legg vekt på at selskapet skal ha låg marknadsrisiko.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at føretaket ikkje klarer å oppfylle pliktene sine, eller finansiere ein auke i egedelane, utan at det oppstår vesentlege ekstra-kostnader i form av prisfall på egedelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering.

Selskapet har gode kredittavtaler mot morbank som reduserer kreditttrisikoen ytterlegare.

Styret har vedteke at selskapet skal ha låg likviditetsrisiko. Dette blir mellom anna reflektert i krav til storleiken på likviditetsreserven.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som fare for tap som skuldast menneskelege feil, eksterne hendingar eller svikt og manglar i føretaket sine system, rutinar og prosessar.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har inngått ein avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane som mellom anna omfattar levering av tenester knytt til kundehandtering og AHV arbeid, administrasjon, IT-drift, økonomi og risikostyring. På desse områda er det banken som må rette opp eventuelle feil som blir gjort og handtere den operasjonelle risikoen. Det er styret si vurdering at dette blir gjort på ein god måte. Avdeling for risikostyring har ansvaret for å vurdere om 1. linjekontrollane i selskapet er gode nok.

Lov- og forskriftsverket set konkrete krav til føretaket over ulike register som skal vere på plass. Gjennom oppretting og oppfølging av desse registra vil styret og dagleg leiar lettare kunne avdekke feil eller manglar som skulle oppstå i drifta av kredittføretaket.

Internkontrollen er også svært viktig i arbeidet med å redusere den operasjonelle risikoen i selskapet. Kontrollarbeidet og system for risikovurdering og internkontroll blir vurdert som omfattande og godt utifrå storleiken og kompleksiteten i drifta til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Styret vurderer den operasjonelle risikoen i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS som låg.

Likestilling og diskriminering

Styret er samansett av to menn og to kvinner. Dagleg leiar er kvinne. Styret og leiing har, saman med banken elles, eit bevisst forhold til å fremje likestilling og til å motarbeide diskriminering i verksemda.

Eigarstyring og selskapsleiing

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS sine prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing byggjer på norsk anbefaling for eigarstyring og selskapsleiing, utarbeidd av Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES).

Generalforsamlinga er føretaket sitt øvste organ. Generalforsamlinga skal mellom anna velje styre og revisor, og føre tilsyn med styret og dagleg leiar si forvaltning av selskapet.

Val av styre er regulert i vedtektene § 3. Medlemmene i styret blir valde for to år. Styret er ansvarleg for at leiing og forvaltning av selskapet skjer i samsvar med lover, føresegner, vedtekter og nærare retningslinjer vedtekte av generalforsamlinga. Styret er samansett av tre interne og ein ekstern styremedlem. I 2022 er det gjennomført fire styremøte. Styret har utarbeidd årsplan for arbeidet sitt, og legg vekt på å sikre tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse mellom styremedlemmene.

Dagleg leiar står for den daglege leiinga av føretaket, og skal følgje retningslinjer og pålegg som styret har gitt. Den daglege leiinga av føretaket skal skje innanfor dei rammer som følgjer av lover, forskrifter, Finanstilsynet sine rundskriv, pålegg frå styresmaktene og føretaket sine vedtekter.

Gjennom året blir det utarbeidd fleire rapportar som gjer det mogleg for dagleg leiar å følgje utviklinga i ulike risikoforhold i føretaket. Desse rapportane blir laga på dagleg, månadleg eller kvartalsvis basis, og fungerer som nødvendige informasjonskjelder for å styre risikoen og setje i verk risikoreduserande tiltak, om nødvendig. Rapportane blir også sende til styret for handsaming. Dagleg leiar utarbeider ein gang i året ei samla vurdering av risiko- og kontroll-situasjonen, som blir lagt fram for styret.

Internkontrollen er etablert i samsvar med internkontrollforskrifta. Alle rapporterende einingar i bankkonsernet, herunder også Bustadkreditt Sogn og Fjordane, har ansvar for å ha effektiv og føremålstenleg internkontroll, for å redusere eigen risiko. Einingane skal vurdere risiko før og etter risikoreduserande tiltak. For attverande risiko skal eininga vurdere kontrollbehov, og sørgje for at risikoen blir tilfredsstillande følgt opp og kontrollert.

Selskapet sin internrevisor (PwC) rapporterer årleg til styret gjennom ein uavhengig rapport om internkontroll. Overvåkaren (Deloitte) og ekstern revisor (Deloitte) er også ein viktig del av kontrollapparatet i kredittføretaket.

Omfanget av kontrollar og kontrollerande organ gjer det sannsynleg at feil, manglar eller risikoar blir fanga opp, rapporterte og utbetra.

Selskapet har teikna ansvarsforsikring for styre og dagleg leiar, gjennom ei felles ordning som konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane har saman med fleire andre finansføretak. Samla forsikringssum er på inntil 120 mill. kr pr. forsikringstilfelle og totalt, for alle som er sikra gjennom ordninga.

Administrasjon og dagleg leiing

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har gjort avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane om vilkår for kjøp, overføring og forvaltning av lån. Andre arbeidsoppgåver blir utførte av tilsette i Sparebanken Sogn og Fjordane. Dagleg leiar er tilsett i Sparebanken Sogn og Fjordane og leigd ut til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Internkontroll og finansiell rapportering

Som ein del av internkontrollen skal leiinga i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS også vurdere om verksemda til selskapet representerer ein risiko for feil i finansiell rapportering.

Det er etablert prosessar og interne kontrollrutinar som skal sikre kvaliteten i finansiell rapportering. Dette omfattar fullmaktsreglar, arbeidsdeling, avstemmingar, IT-kontrollar m.m. Den finansielle rapporteringa skal til ei kvar tid også tilfredsstillende eksterne lover og reglar. Direktør for økonomi og finans, i Sparebanken Sogn og Fjordane, har ansvar for bankkonsernet sin rekneskaps- og økonomifunksjon, og har gjennom dette det overordna ansvaret for at eksterne lovkrav er følgde i heile konsernet. Leiinga i konsernet følgjer også løpande opp dei ulike forretningsområda og dotterselskapa sine finansielle resultat.

Styret fører tilsyn med prosessen for finansiell rapportering og internkontroll, og ser til at denne fungerer effektivt. Årsrekneskapan blir fastsett av generalforsamlinga etter handsaming av styret.

Ekstern revisor utarbeider årleg ein rapport som summerer opp resultatet for den finansielle revisjonen. Rapporten inneheld også opplysingar om eventuelle svake punkt og manglar, og forslag til tiltak og utbetringar.

Tilsette og arbeidsmiljø

Det er ingen tilsette i selskapet. Det er av den grunn ikkje sett i verk særskilte arbeidsmiljøtiltak. Det er styret si vurdering at drifta til selskapet ikkje forureinar det ytre miljøet.

Samfunnsansvar

Styret viser til årsrapporten for Sparebanken Sogn og Fjordane, der det er gjort greie for korleis konsernet, inkludert Bustadkreditt Sogn og Fjordane, forvaltar

samfunnsansvaret sitt og korleis vi følgjer vilkåra i openhetslova. Informasjonen er også å finne på www.ssf.no/berekraft

Vurdering av årsrekneskapan

Resultatrekneskap, balanse og notar gir etter styret si vurdering tilstrekkeleg informasjon om selskapet si drift og stilling pr. 31. desember 2022. Styret meiner at selskapet sine føresetnader for vidare drift er til stades. Styret stadfestar at føresetnaden om vidare drift er lagd til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapan for 2022.

Hendingar etter balansedagen

Styret kjenner ikkje til hendingar etter 31.12.2022 som har vesentleg innverknad på årsrekneskapan eller selskapet si stilling.

Oppsummering

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS vil i 2023 vidareføre kjerneverksemda, som er kjøp av bustadlån frå Sparebanken Sogn og Fjordane, og i den samanheng utferde obligasjonar med fortrinnsrett. Målgruppa for obligasjonane med fortrinnsrett er nasjonale og internasjonale finansinstitusjonar og andre investorar.

Det er knytt usikkerheit til den makroøkonomiske situasjonen framover, spesielt når det kjem til kredittvekst, konkurransesituasjon og utvikling i bustadmarknaden.

Bustadprisane auka med 1,5 % på landsbasis i 2022. Tidlegare Sogn og Fjordane hadde ein vekst på 4 %, medan Hordaland landa på 1,7 %.

Drifta av selskapet er venta å gje tilfredsstillande lønsemd, og Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS vil også i tida framover vere ei viktig kjelde for langsiktig finansiering til konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane.

Resultatdisponering

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har eit resultat på 118,9 mill. kroner etter skatt. Styret tilrår at 118,0 mill. kr blir betalt ut som utbytte til morbanken. Resterande del av resultatet, 0,9 mill. kr, blir overført til annan eigenkapital. Det høge utbyttet blir vurdert som forsvarleg ut frå kapitalsituasjonen til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Førde 07.02.2023


Styret for Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS



Frode Vasseth
Styreleiar



Linda Vøllestad Westbye



Ingeborg Aase Fransson



Peter Midthun



Irene Flølo
Dagleg leiar

Resultat

	Note	2022	2021
Renteinntekter	19	743 348	446 838
Rentekostnader	19	551 947	200 475
Netto renteinntekter		191 401	246 363
Provisjonsinntekter		2 234	2 216
Netto provisjonsinntekter		2 234	2 216
Netto vinst/tap på finansielle instrument	19	- 16 957	- 594
Sum andre driftsinntekter		- 16 957	- 594
Netto andre driftsinntekter		- 14 723	1 623
Sum driftsinntekter		176 678	247 985
Lønn og andre personalkostnader	20	46	43
Andre kostnader	20	12 425	11 976
Sum driftskostnader		12 471	12 018
Driftsresultat før nedskrivning på utlån		164 207	235 967
Nedskrivning på utlån	13-15	11 509	1 001
Resultat av ordinær drift før skatt		152 698	234 966
Skatt	23	33 786	51 692
Resultat for perioden		118 912	183 273
TOTALRESULTAT			
Resultat for perioden		118 912	183 273
Totalresultat		118 912	183 273
Resultat pr. aksje (i heile kr)		5,53	10,47

Balanse

EIGEDELAR	Note	31.12.22	31.12.21
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar	16,19	136 106	142 148
Utlån til kundar	3,6–13,24	27 916 516	23 299 814
Sertifikat og obligasjonar	24,26	207 384	233 145
Finansielle eigedelar	24,33	68 628	41 709
Sum eigedelar		28 328 634	23 716 815
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	18,24,27	4 318 520	1 149 260
Verdipapirgjeld	18,24,28	21 352 355	20 529 335
Finansielle derivat	18,33	340 847	30 151
Betalbar skatt	23	31 436	47 872
Utsett skatt	23	3 930	1 581
Anna gjeld og avsetningar	29	1 102	14 086
Sum gjeld		26 048 190	21 772 284
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	32	2 150 000	1 750 000
Sum innskoten eigenkapital		2 150 000	1 750 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		12 444	11 532
Avsett til utbytte		118 000	183 000
Sum opptent eigenkapital		130 444	194 532
Sum eigenkapital		2 280 444	1 944 532
Sum eigenkapital og gjeld		28 328 634	23 716 815

Førde, 07.02.2023

Styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Frode Vasseth
Styreleiar

Linda Vøllestad Westbye

Ingeborg Aase Fransson

Peter Midthun

Irene Flølo
Dagleg leiar

Kontantstrømoppstilling

	31.12.2022	31.12.21
Resultat før skatt	152 698	234 966
Nedskrivning på utlån/garantiar	11 509	1 001
Betalt skatt	- 47 872	- 42 139
Reduksjon/auke (-) i utlån til og krav på kundar	- 4 628 131	- 1 480 690
Andre ikkje kontanttransaksjonar	- 13 065	- 106 039
A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar	- 4 524 860	- 1 392 901
Reduksjon/auke (-) i plassering i sertifikat/obligasjonar/derivat	- 1 159	164 008
B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar	- 1 159	164 008
Auke/reduksjon (-) i lån frå kredittinstitusjonar	3 169 260	- 101 404
Auke/reduksjon (-) i verdipapirgjeld/ derivat	1 133 716	1 495 860
Auke/reduksjon i innbet. aksjekapital	400 000	0
Utbytte	- 183 000	- 145 000
C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar	4 519 976	1 249 456
D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)	- 6 043	20 563
Likviditetsbeholdning inngåande behaldning	142 148	121 586
Likviditetsbeholdning utgåande behaldning	136 106	142 148
Spesifikasjon av likviditetsbeholdning		
Innskot i andre finansinstitusjonar	136 106	142 148
Sum	136 106	142 148

Eigenkapitaloppstilling

	INNSKOTEN EIGENKAPITAL Aksjekapital	OPPTENT EIGENKAPITAL Annan eigenkapital	TOTAL EIGENKAPITAL
Inngående egenkapital 01.01.21	1 750 000	156 259	1 906 259
Utdelt utbytte	0	- 145 000	- 145 000
Resultat for perioden	0	183 273	183 273
Utgående egenkapital 31.12.21	1 750 000	194 532	1 944 532
Inngående egenkapital 01.01.22	1 750 000	194 532	1 944 532
Utdelt utbytte	0	- 183 000	- 183 000
Kapitalauke	400 000	0	400 000
Resultat for perioden	0	118 912	118 912
Utgående egenkapital 31.12.22	2 150 000	130 444	2 280 444

Notar til rekneskapen

Note 1 Rekneskapsprinsipp

GENERELT

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er eit heileigd dotterselskap av Sparebanken Sogn og Fjordane. Selskapet er etablert for å vere selskapet sitt føretak for utferding av obligasjonar med fortrinnsrett. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS vart stifta i 2009 og har hovudkontor i Førde.

Årsrekneskapen for 2022 for Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er handsama og vedteken i styremøte den 7. februar 2023.

Alle beløp i rekneskap og notar er oppgitt i tusen NOK, dersom ikkje anna er spesifisert.

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPEN

Årsrekneskapen utarbeidd i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS – International Financial Reporting Standards), som er godkjent av EU.

ENDRING I REKNESKAPSPRINSIPP

Ved grunnleggande rekneskapsreformer/ending av rekneskapsprinsipp, skal tal for tidlegare år omarbeidast, slik at dei kan samanliknast. Dersom postar i rekneskapen vert reklassifiserte, skal samanlikningstal utarbeidast, for tidlegare periodar og visast i rekneskapsoppstillinga.

Selskapet skal i tråd med IAS 8 opplyse kva endringar som har blitt implementert i inneverande rekneskapsperiode og kva effektar det har hatt på årsrekneskapen.

ENDRINGAR I EU GODKJENDE STANDARDAR OG TOLKNINGAR

Det har ikkje vore endringar i standardar og/eller tolkingar som har vore relevante for selskapet i 2022.

ESTIMAT

Ved utarbeiding av rekneskapen blir det gjort vurderingar som påverkar rekneskapsførte beløp. I note 2 er det gjort nærare greie for vesentlege estimat og føresetnader.

Eigedelar og gjeld vert balanseførte på det tidspunktet selskapet oppnår reell kontroll over rettar til eigedelane og eller tek på seg reell gjeld.

Eigedelar vert ført ut av balansen på det tidspunktet reell risiko knytt til eigedelane er overført, og selskapet ikkje lenger har reell kontroll over eigedelane.

FINANSIELLE INSTRUMENT

Eit finansielt instrument er ei kontrakt som gir opphav til ein finansiell eigedel, for eit føretak og ei finansiell plikt eller eit eigenkapitalinstrument, for eit anna føretak.

Klassifisering og måling etter IFRS 9

Finansielle eigedelar

Klassifisering er basert på om instrumenta blir haldne i ein forretningsmodell både for å motta kontraktsmessige kontantstraumar og for sal, og om dei kontraktsfesta kontantstraumane berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar.

Finansielle egedelar blir klassifisert i ein av følgjande kategoriar:

- Gjeldsinstrument til amortisert kost
- Gjeldsinstrument til verkeleg verdi med verdiendring mot utvida resultat (FVOCI)
- Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)
- Eigenkapitalinstrument der det er nytta OCI-opsjon, der instrumenta blir målt til verkeleg verdi mot utvida resultat utan resirkulering

Finansielle egedelar målt til amortisert kost

Selskapet måler finansielle egedelar til amortisert kost, dersom følgjande vilkår er oppfylt:

- Den finansielle egedelen er ein del av ein forretningsmodell der formålet er å ta imot kontraktsfesta kontantstraumar, og
- Kontraktsvilkåra for den finansielle egedelen gir opphav til kontantstraumar som berre består av betaling av hovudstol og renter på gitte datoar

Etterfølgjande måling av finansielle egedelar, målt til amortisert kost, blir gjort ved bruk av effektiv rentemetode og er gjenstand for tapsavsetning. Vinst og tap blir ført i resultat når egedelen er frårekna, modifisert eller nedskriven.

Selskapet sine finansielle egedelar, til amortisert kost, inkluderer utlån til kundar med flytande rente og innskot i andre bankar.

Finansielle egedeler målt til virkelig verdi med verdiendringar mot utvida resultat (FVOCI)

Selskapet måler gjeldsinstrument til virkelig verdi med verdiendring mot utvida resultat, dersom følgjande vilkår er oppfylt:

- Den finansielle egedelen er ein del av ein forretningsmodell der formålet er både å ta imot kontraktsfesta kontantstraumar og sal,
- Kontraktsvilkåra for den finansielle egedelen gir opphav til kontantstraumar, som berre består av betaling av hovudstol og renter på gitte datoar

Gjeldsinstrument målt til verkeleg verdi med verdiendring mot utvida resultat, renteinntekter, omrekningsdifferansar, og tapsavsetning eller reverseringar, blir innrekna i resultatreknskapen og berekna på same måte som finansielle egedelar målt til amortisert kost. Resterande endringar i virkelig verdi blir innrekna i andre inntekter og kostnader. Ved frårekning blir den akkumulerte endringa i virkelig verdi, som er innrekna i andre inntekter og kostnader, overført til resultat.

Selskapet nyttar ikkje denne kategorien.

Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)

Følgjande instrument inngår i denne målekategorien:

- Derivat til verkeleg verdi over resultat
- Eigenkapitalinstrument skal som hovudregel her
- Gjeldsinstrument med ein forretningsmodell som tilseier å ta imot kontraksmessige kontantstraumar frå renter, gebyr og hovudstol, samstundes som det er eit mål å kjøpe og selje papira i porteføljen, med kort horisont, for å sikre fortjeneste frå vinstar, eller ein forretningsmodell som tilseier at instrumenta blir styrt og føljt opp til verkeleg verdi.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS nyttar denne kategorien for sertifikat og obligasjonar, utlån til kundar med fastrente og derivat. Fastrenteutlåna er som regel rentesikra med derivat, som blir vurdert til verkeleg verdi. For å unngå eit rekneskapsmessig misforhold er også fastrenteutlåna vurdert til verkeleg verdi.

Eigenkapitalinstrument der det er nytta OCI-opsjon, der instrumenta blir målt til verkeleg verdi, mot utvida resultat utan resirkulering

Selskapet kan velje å nytte ein opsjon om å føre eigenkapitalinstrument med verdiendring mot utvida resultat i staden for over ordinært resultat. Ved val av denne kategorien, vil det ikkje bli reklassifisering til resultatet ved realisasjon.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS nyttar ikkje denne kategorien.

Frårekning av finansielle egedelar

Ein finansiell egedel blir frårekna dersom:

- Den kontraktsfesta retten til å ta imot kontantstraumar, frå den finansielle egedelen, ikkje lenger er til stades, eller
- Selskapet har overført den kontraktsfesta retten til å motta kontantstraumar frå den finansielle egedelen, eller beheld retten til å motta kontantstraumane, frå ein finansiell egedel, men samtidig forpliktar seg til å overføre rettane til ein motpart; og enten
 - a. Selskapet har overført det vesentlege av risiko og fordelar med egedelen, eller
 - b. Selskapet har verken overført eller behalde det vesentlege av risiko og fordelar med egedelen, men har overført kontrollen over egedelen

Finansiell gjeld

Finansiell gjeld blir klassifisert i ein av følgjande kategoriar:

- Finansiell gjeld til amortisert kost
- Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)
- Finansiell gjeld til verkeleg verdi over resultat med deler mot OCI

Finansielle gjeld til amortisert kost

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS nyttar denne kategorien for gjeld til kredittinstitusjonar, det meste av eigne utferda renteberande verdipapir og anna finansiell gjeld.

Gjeldsinstrument, derivat og eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over resultat (FVTPL)

Følgjande instrument inngår i denne målekategorien:

- Derivat til verkeleg verdi over resultat
- Eigenkapitalinstrument skal som hovudregel her
- Gjeldsinstrument, når kriteria for verkeleg verdi opsjon (FVO) er til stades, eller ein forretningsmodell som tilseier at instrumenta blir styrt og følgt opp til verkeleg verdi

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS nyttar denne kategorien for derivat.

Finansiell gjeld til verkeleg verdi over resultat med deler mot OCI

For finansiell gjeld, utpeikt som målt til verkeleg verdi, skal verdiendring knytt til eigen kredittrisiko skiljast ut og førast mot utvida resultat (OCI).

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har utpeika ein del av verdipapirgjelda til verkeleg verdi. Verdiendring, som skuldast endringar i eigen kredittrisiko for verdipapirgjelda, vil normalt vere uvesentleg og det er så langt ikkje ført verdiendring mot OCI.

Nærmare om finansiell gjeld

Finansiell gjeld blir, ved innrekning første gangen, klassifisert som lån og gjeld eller derivat øymerka som sikringsinstrument i ein effektiv sikring. Derivat blir innrekna første gangen til verkelig verdi. Lån og gjeld blir innrekna til verkeleg verdi, justert for direkte transaksjonskostnader.

Derivat er finansiell gjeld når den verkelig verdien er negativ, og blir behandla rekneskapsmessig på tilsvarande måte som derivat som er egedeler.

Lån og gjeld

Etter innrekning første gangen vil renteberande lån bli målt til amortisert kost, ved bruk av effektiv rentemetode. Vinst og tap blir ført i resultatet, når gjelda er frårekna. Amortisert kost blir berekna ved å ta omsyn til kostnader m.v. relatert til kjøpet, eller kostnader og avgifter, som er ein integrert del av den effektive renta. Effektiv rente blir presentert som rentekostnader i resultatrekneskapen.

Gjeld er målt til nominelt beløp, dersom effekten av diskontering er uvesentleg.

Frårekning av finansielle gjeld

Ei finansiell gjeld blir frårekna, når gjelda er innfridd, kansellert eller utløpt. Når ei eksisterande finansiell gjeld blir erstatta med ei ny gjeld, frå same långjevar, når vilkåra er vesentleg endra, eller vilkåra på ei eksisterande gjeld er vesentleg modifisert, blir den opphavelige gjelda frårekna og ei ny gjeld innrekna. Forskjellen i balanseført verdi, blir innrekna i resultatet.

Estimering av forventa tap

IFRS 9 sine prinsipp knytt til nedskriving for tap på finansielle instrument tar utgangspunkt i at det skal settast av for forventa tap. Dette inneber at vi skal estimere dei framtidige kredittapa uavhengig av om ein finansiell eigedel er kredittforringa eller ikkje.

Prinsippa i IFRS 9 for nedskriving gjeld for finansielle eigedelar, som er gjeldsinstrument. I tillegg er også unytta kredittar omfatta. For forklaring av modellen for nedskriving viser vi til note 11.

Konstatering av tap

Konstatering av tap (dvs. bokføring mot kunden sin konto) skal gjerast når all sikkerhet er realisert og det ikkje er venta at banken vil få fleire innbetalingar på engasjementet. Kravet mot kunden blir følgt opp også etter konstatering, med mindre det er inngått avtale om ettergiving med kunden.

PRESENTASJON I BALANSE OG RESULTATREKNESKAP

Utlån

Utlån blir balanseført, avhengig av motpart, enten som utlån til og krav på kredittinstitusjonar eller utlån til kundar til amortisert kost, utlån til kundar til verkeleg verdi eller utlån til kundar med verdiendring mot utvida resultat (OCI). For å forenkle balanseoppstillinga, er utlåna til kundar vist netto på ei linje og så er spesifikasjon etter kategoriar vist i note til rekneskapen.

Renteinntekter på finansielle instrument klassifisert som utlån, blir inkludert på linja for «Netto renteinntekter» ved bruk av effektiv rentemetode. Effektiv rentemetode er forklart under «Verdimåling til amortisert kost».

Verdiendringar for utlån til amortisert kost og utlån til verkeleg verdi inngår i «Nedskriving på utlån og garantiar». Den delen av verdiendring på fastrenteutlån som skuldast endringar i rentenivå, inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument». For nærmare forklaring av prinsippa for verdivurdering av utlån sjå avsnitt om «Berekning av nedskriving» tidlegare i denne noten

Sertifikat og obligasjonar

Sertifikat og obligasjonar blir styrt og følgt opp i ein forretningsmodell som tilseier å ta imot kontraksmessige kontantstraumar frå renter, gebyr og hovudstol, samtidig som det er eit mål å kjøpe og selje papira i porteføljen med kort horisont, for å sikre fortjeneste frå vinstar.

Renteinntekter og -kostnader på sertifikat og obligasjonar inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Metoden er beskrevet i avsnitt for amortisert kost.

Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Finansielle derivat

Eit derivat er eit finansielt instrument med følgjande karakteristikkar:

- Verdien på instrumentet blir endra som eit resultat av endringar i rente, kurs eller pris på eit underliggende objekt
- Instrumentet krev ingen eller liten initial investering
- Instrumentet blir gjort opp på ein framtidig dato

Derivat blir balanseført til verkeleg verdi, når kontrakten blir inngått, og deretter løpande til verkeleg verdi.

Finansielle derivat blir presentert som ein eigedel dersom verdien er positiv og som ein gjeld dersom verdien er negativ. Motrekning blir føreteke, dersom selskapet har ein bindande kontrakt med motparten, om å motrekne, og har til hensikt å innfri netto eller realisere eigedelar og gjeld samtidig.

Rentebetalningar frå finansielle derivat inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Metoden er forklart i avsnitt for amortisert kost. Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Gjeld til kredittinstitusjonar

Gjeld til kredittinstitusjonar og kundar er rekneskapsført, avhengig av motpart, enten som gjeld til kredittinstitusjonar eller som innskott frå kundar til amortisert kost eller innskott frå kundar til verkeleg verdi. Rentekostnader på instrumenta inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rentemetode. Andre verdiendringar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

Verdipapirgjeld

Verdipapirgjeld omfattar utferda sertifikat og obligasjonar, og er vurdert enten til amortisert kost eller til verkeleg verdi over resultatet. For å forenkle balanseoppstillinga, er verdipapirgjelda vist samla og så er det gitt nærmare spesifikasjon i note.

Rentekostnader på instrumenta inngår i «Netto renteinntekter» basert på effektiv rente metode. Andre verdiendingar inngår i «Netto vinst frå finansielle instrument».

For verdipapirgjeld til verkeleg verdi skal verdiending knytt til eigen kredittrisiko skillast ut og førast mot utvida resultat (OCI). Verdiending som skuldast endringar i eigen kredittrisiko for verdipapirgjelda vil normalt vere uvesentleg, og det er så langt ikkje ført verdiending mot OCI.

SKATT

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både betalbar skatt på inntekt og formue, og endring i utsett skatt for perioden. Utsett skattegjeld/utsett skattefordel er utrekna med 22 % av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, ved utgangen av året. Utsett skatt blir rekna ut ved bruk av skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen, eller som det er sannsynleg blir vedtekne, og som ein legg til grunn vil gjelde, når den utsette skattefordelen vert realisert, eller gjelda blir gjort opp.

Utsett skattefordel er balanseført ut frå forventningar om framtidig skattepliktig inntekt.

Betalbar skatt og utsett skatt blir ført mot eigenkapitalen, dersom skatten gjeld postar som i same eller tidlegare periodar er ført mot eigenkapitalen.

PERIODISERING AV RENTER OG GEBYR

Renter og provisjonar blir resultatført etter kvart som dei vert opptente eller er påløpt som kostnad. Gebyr for etablering av låneavtalar, inngår i kontantstraumane ved utrekning av amortisert kost, og er inntektsført under «Netto renteinntekter», etter effektiv rentemetode.

INNETKTSFØRING AV RENTER

Renteinntekter vert inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette medfører løpande inntektsføring av nominelle renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir nytta både for balansepostar vurdert til amortisert kost og balansepostar vurdert til verkeleg verdi over resultat. Renteinntekter på nedskrivne engasjement, vert rekna etter effektiv rentemetode, av nedskrivne verdi.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstrømoppstillinga viser kontantstraumane gruppert etter kjelder og bruksområde. Kontantar er definert som kontantar og fordring på sentralbankar, og fordring på kredittinstitusjonar utan oppseiingsfrist.

SIKRINGSBOKFØRING

Selskapet nyttar sikringsbokføring ved bokføring av obligasjonsinnlån med fastrente og derivat som er tatt opp for å motverke verdisvingingar, frå dei aktuelle obligasjonsinnlåna.

Sikringsobjekta (obligasjonsinnlåna med fastrente) er vurdert til verkeleg verdi med verdiending mot netto resultat frå finansielle instrument, og sikringsinstrumenta (derivata) blir vurdert til verkeleg verdi med verdiending mot netto resultat frå finansielle instrument.

IFRS 9 stiller mellom anna krav om at sikringsobjektet og sikringsinstrumentet skal vere øyremerka.

Det skal vere ein nær samanheng i økonomiske karakteristikkar for sikringsobjektet og sikringsinstrumentet, sikringsforretninga skal kunne målast påliteleg og det er krav om sikringseffektivitet. Om sikringa ikkje lenger oppfyller krava til sikringseffektivitet, skal sikringsbokføringa avsluttast, og ei justering som følgje av dette skal amortiserast i resultatrekneskapen. Amortiseringa skal baserast på ei rekalkulert effektiv rente, frå tidspunktet når amortiseringa startar.

Vinst eller tap på sikringsinstrumentet blir innrekna i resultatrekneskapen, på linja for netto vinst/tap på finansielle instrument. Vinst eller tap på sikringsobjektet blir ført som ei justering av den balanseførte verdien på sikringsobjektet, og innrekna i resultatrekneskapen på linja for netto vinst/tap på finansielle instrument.

HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det skal opplysast om hendingar etter balansedagen i samsvar med IAS 10. Opplysningane omfattar hendingar som ikkje er innrekna i finansrekneskapan, men som er av slik art at det er vesentleg for vurdering av drifta.

VEDTEKNE REKNESKAPSSTANDARDAR OG ANDRE ENDRINGAR SOM KAN FÅ VERKNAD FOR FRAMTIDIG RAPPORTERING

Relevante standardar og tolkingar som er vedtatt fram til tidspunkt for framlegging av selskapsrekneskapan, men der tidspunkt for innføring er fram i tid, er oppgitt nedanfor. Det er selskapet sin intensjon å implementere dei endringane som er relevante, når dei blir gjeldande, under føresetnad av at EU godkjenner endringane, før utarbeiding av selskapsrekneskapan.

IBOR-REFORM FASE 2

Det er pågåar ein internasjonal reform for bruk av IBOR-renter. Banken nyttar NIBOR i f.eks. sikringsbokføring. Det er vår vurdering, at endringa ikkje medfører realitetsendringar, for rekneskapan.

NY STANDARD IFRS 17 FORSIKRINGSKONTRAKTER INKLUDERT FORSLAG OM ENDRINGAR I IFRS 17

IFRS 17 erstattar IFRS 4. IFRS 17 har reglar om korleis forsikringskontrakter skal vurderast og presenterast, noko som tidlegare har vore opp til nasjonalt regelverk. Opplysningskrava er auka. Endringa gjeld frå og med 01.01.2023. Selskapet har ikkje verksemd eller kontrakter som er omfatta av standarden.

Det er ikkje vedtatt andre endringar som vil påverke rekneskapan i særleg grad.

Note 2 Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Estimat og vurderingar blir vurdert løpande, og er basert på historisk erfaring og andre faktorar, inklusiv forventningar om framtidige sannsynlege hendingar. Selskapet utarbeider estimat og tar føresetnader, om framtidig utvikling. Rekneskapsestimat som følgje av dette, vil sjeldan fullt ut vere i samsvar med endeleg utfall. Estimat som representerer ein vesentleg risiko for endring i balanseført verdi, på egedelar og gjeld, i løpet av neste rekneskapsår, vert drøfta nedanfor.

Verkeleg verdi på finansielle derivat og andre finansielle instrument

For verdipapir som ikkje er børsnoterte, og der det ikkje er ein aktiv marknad, nyttar konsernet verdsettings-teknikkar, for å fastsette verkeleg verdi. Konsernet vurderer, vel metodar og tar føresetnader, som så langt som mogleg, er basert på marknadsforholda på balansedagen.

Rentepapir

Ved verdsetting av obligasjonar og sertifikat, innhentar vi verddivurderingar frå Nordic Bond Pricing.

Rentederivat

Rentederivat er verdsett ved neddiskontering av kontantstraumar, basert på swaprentekurva på rapporteringstidspunktet.

Fastrenteutlån til kundar

Verdien av fastrenteutlån vert berekna som noverdien av framtidige kontantstraumar. For fastrenteutlån nyttar vi ei rentekurve som er utleia av eit gjennomsnitt av fastrentetilbud hos konkurrerande bankar, som uttrykk for ei marknadsrente.

Nedskrivning på utlån

Modellen for nedskrivning av utlån etter IFRS 9 er forklart i detalj i note 11. I metoden for utrekning av forventa tap (ECL) blir det nytta estimat for sannsynet for misleghald (PD), tap gitt misleghald (LGD) og eksponering ved misleghald (EAD), for alle utlån og unytta kredittar. Det er estimatusikkerheit ved utrekning av forventa tap (ECL), spesielt relatert til fastsetting av PD, men også for LGD og EAD.

Uvisse

Måling av forventa tap er komplekst, og leiinga må utøve profesjonelt skjønn for fleire av føresetnadene som er nytta som input.

For engasjement med modellbasert tap er usikkerheita i hovudsak knytt til fastsetjing av PD, LGD og EAD. For engasjement i trinn 3, der forventa tap er målt individuelt, er det nytta skjønn ved fastsetjing av føresetnader for framtidige kontantstraumar og verdsetjing av sikkerheiter.

Andre område med estimatusikkerheit er blant anna fastsetjinga av fleire framtidige økonomiske scenario, under dette vektinga av desse, vurdering av vesentleg auke i kredittrisiko, og avgjersler knytt til om kriteria for misleghald er oppfylte.

Makroøkonomiske scenario

ECL skal bereknast ved vektning av fleire makroøkonomiske scenario. Selskapet har valt tre framtidige makroøkonomiske scenario. Eit forventa scenario med vekt på 50 %, eit pessimistisk makrosenario og eit optimistisk makrosenario, som kvar har vekt på 25 %. Forventa tap vert vekta utifrå utfallet av dei tre scenarioa.

Samanhengen mellom makroøkonomiske parametarar og PD har tidlegare blitt gitt av ein modell utvikla av Norsk Regnesentral, der framtidig rentenivå og arbeidsløyse vart nytta til å estimere framtidig misleghaldsnivå for privatkundar. På grunn av den spesielle makroøkonomiske situasjonen vi er inne i, er ikkje modellen godt nok eigna til å predikere det framtidige misleghaldsnivået. Det er difor gjort skjønsmessige vurderingar av forventa utvikling i misleghaldsnivået fem år fram i tid, med bakgrunn i framskrivingar frå Norges Bank sin Pengepolitiske Rapport og Statistisk Sentralbyrå.

Meir informasjon om dei ulike scenarioa og effekt på nedskrivningane er forklart i note 15.

Note 3 Segment

Selskapet har hovudsakleg eitt segment. Segmentet består av utlån til privatkundar og eit mindre volum av utlån til private næringsdrivande. Alle utlån er kjøpt frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Selskapet driv ikkje verksemd utanfor Norge. Kundar med adresse i utlandet blir klassifisert som ein del av den norske verksemda.

Note 4 Kapitaldekning

ANSVARLEG KAPITAL	31.12.22	31.12.21
Aksjekapital og overkurs	2 150 000	1 750 000
Annan eigenkapital	12 444	11 532
Eigenkapital	2 162 444	1 761 532
Annan kjernekapital	0	0
Frådrag:		
Verdijustering (forsvarleg verdsetting)	- 376	- 349
Utsett skattefordel	0	0
Netto kjernekapital	2 162 068	1 761 183
Rein kjernekapital	2 162 068	1 761 183
Netto tilleggskapital	0	0
Netto ansvarleg kapital	2 162 068	1 761 183
BEREKNINGSGRUNNLAG		
Kredittrisiko		
Institusjonar	56 765	34 430
Massemarknadsengasjement	275 632	429 203
Engasjement med pant i bustad	9 572 531	7 941 394
Forfalne engasjement	128 345	114 930
Obligasjonar med fortrinnsrett	10 143	12 031
Andre engasjement	26 551	15 509
Sum berekningsgrunnlag kredittrisiko	10 069 967	8 547 497
Operasjonell risiko	389 812	398 886
CVA	53 163	92 671
Samla berekningsgrunnlag	10 512 942	9 039 054
Overskot ansvarleg kapital	1 321 033	1 038 059
KAPITALDEKNING		
Kapitaldekningsprosent	20,57 %	19,48 %
Kjernekapitaldekning	20,57 %	19,48 %
Rein kjernekapitaldekning	20,57 %	19,48 %
Uvekta kjernekapitalandel	7,55 %	7,37 %

Kapitaldekninga er utrekna i samsvar med nye kapitalkravforskrifter (Basel II). Standardmetoden er nytta for kredittrisiko, marknadsrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Basel II er inndelt i tre pilarar (områder). Pilar 1 omhandlar minstekravet til kapitaldekning og er ei vidareutvikling av tidlegare regelverk etter Basel I. Pilar 2 omhandlar institusjonen si vurdering av samla kapitalbehov og tilsynsmessig oppfølging (ICAAP), medan Pilar 3 omhandlar krav om offentleggjering av finansiell informasjon.

Note 5 Risiko

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er utsett for kredittrisiko, operasjonell risiko (herunder klimarisiko), likviditetsrisiko og marknadsrisiko. Kredittrisikoen er den mest omfattande av desse. Det er utarbeidd rammer for risikoeksponeringa knytt til dei ulike risikotypane. Styret legg vekt på at selskapet skal ha låg risiko. Viktige mål med risikostyringa er å sikre at selskapet når fastsette mål, handtere risikoar som kan hindre måloppnåing, sikre intern og ekstern rapportering av høg kvalitet, og å sikre at selskapet opererer i tråd med interne retningslinjer og eksternt lovverk.

Kredittrisiko

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er eksponert for kredittrisiko i tilknytning til bustadlån, og motpartsrisiko i samband med plasseringar i finansmarknaden.

Lån som blir kjøpte frå Sparebanken Sogn og Fjordane er godt sikra. På kjøpstidspunktet skal låna vere innanfor 80 % av godkjend verdi på trygda. Verdiane på eigedomane som ligg som trygd for bustadlåna i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS blir oppdaterte kvar tredje måned. Det er verdiesestimater frå Eiendomsverdi AS som åleine eller i kombinasjon med takst og meklarvurderingar blir nytta som godkjend verdi på eigedomane.

Den første bolken av lån frå Sparebanken Sogn og Fjordane vart kjøpt i mars 2009. Sidan den tid har marknadsprisen på bustader vore aukande. Sparebanken Sogn og Fjordane administrerer låna i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS og kan vise til lågt misleghald og god oppfølging av utlånsporteføljen. Risikoen i utlånsporteføljen blir vurdert som låg.

Låna som ligg i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er oppretta i Sparebanken Sogn og Fjordane, og kredittvurderinga av bustadlånkundane i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS følgjer kredittvurderingsprosessen i morbanken. Med bakgrunn i trygd, beteningsevne, gjeldsnivå og sannsyn for misleghald vert det gjort ei kritisk vurdering av kundar som søker om bustadlån. I tillegg vert det gjort vurderingar med omsyn til livssituasjon, arbeidsforhold og utdanning, og risiko knytt til desse faktorane. Det er også laga rutine for overføring av lån til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS, som spesifiserer kva krav låna må oppfylle for å kunne bli flytta til føretaket. Desse krava oppfyller alle regulatoriske krav. I tillegg er det lagt til ekstra interne restriksjonar som avgrensar kva lånetypar som kan flyttast til selskapet. Lån som ligg i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS blir også følgde opp grundig med omsyn til misleghald. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har i tillegg

styregodkjend rutine for risikostyring, som systematiserer kontrollar som skal gjerast for å minimere kredittrisikoen, og som fordeler ansvar for kontrollane og for rapporteringa.

Utviklinga i utlånsporteføljen blir følgt månadleg gjennom ein kredittrapport som mellom anna viser risikofordelt portefølje, utvikling i misleghald og kva konsekvensar fall i bustadprisar og auka misleghald vil ha for sikringsmassen.

Bustadkredittføretaket sin motpartsrisiko er knytt til plasseringar i finansmarknaden, eller eksponering mot andre finansinstitusjonar.

Risikoen Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS kan eksponere seg for mot ulike motpartar, blir bestemt utifrå kredittrammer mot kvar av desse motpartane. For å unngå tap eksponerer Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS seg berre mot solide motpartar.

I samsvar med krava i IFRS 9 gjer Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS nedskrivningar for forventta tap på alle utlån og eksponeringar. Det blir vist til årsrekneskapan, note 11, for nærare beskriving av modellbasert- og individuell nedskrivning. Endeleg konstatering av nedskrivning blir som hovudregel gjort når alle sikkerheitlar er realisert og det er venta at selskapet ikkje vil få fleire innbetalingar på engasjementet. Kravet mot kunden blir oppretthalde så lenge det ikkje er inngått avtale om gjelds-sanering med kunden.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS ikkje klarer å innfri forpliktingane sine ved forfall. Likviditetsreserven i selskapet skal vere tilstrekkeleg til å innfri alle forpliktingar ved forfall. Selskapet styrer likviditetsposisjonane basert på styrefastsette krav til minimum likviditetsreserve og netto forfallinnanfor 6 månader.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS skal ta låg likviditetsrisiko. Det er viktig for å sikre tillit i finansmarknaden og tilfredsstillande finansieringskostnader. Utan god likviditet vil kredittføretaket vere meir utsett under ugunstige og turbulente tilhøve i finansmarknaden. Det er viktig at likviditetssituasjonen gir selskapet tilstrekkeleg tryggleik og fleksibilitet til å oppnå konkurransedyktige vilkår på innlån.

Selskapet har trekkfasilitetar i morbank som sikrar god tilgang på likviditet, også i krevjande marknadstilhøve.

Renterisiko

Selskapet skal styre renteeksponeringa slik at selskapet er lite utsett for rentesvingingar. Eksponering mot rentespreddrisiko er avgrensa gjennom risikorammer for kredittisiko. Det er i tillegg fastsett rammer for rentenivårisiko som blir overvaka og rapportert månadleg. Selskapet nyttar rentebyteavtalar til å styre renterisiko.

Spreadrisiko

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har ein portefølje av obligasjonar som tener som likviditetsreserve. Porteføljen er tilpassa for å kunne kvalifisere i selskapet sin likviditetsindikator LCR, og har såleis låg kredittisiko, og er i all hovudsak samansett av obligasjonar med fortrinnsrett utferda av norske aktørar. Desse har rating frå internasjonale ratingbyrå. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har rammer som regulerer kredittkvalitet, konsentrasjon og løpetid i porteføljen.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som faren for tap som skuldast svakheit eller feil ved prosessar eller system, utført av tilsette eller eksterne, og som følgje av Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS si verksemd. Store delar av den operasjonelle risikoen blir handtert gjennom leveranseavtalen mellom morbank og Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS, der morbanken forpliktar seg til å levere tenester til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS: I utkast til nytt SREP-rundskriv er mange ulike risikotypar definerte inn under nemninga operasjonell risiko. I det følgjande konsenterer vi oss om nokre av dei viktigaste formene for operasjonell risiko: Etterlevingsrisiko, risiko for kvitvasking og terrorfinansiering, og ESG-risiko.

Etterlevingsrisiko

Etterlevingsrisiko er risikoen for at selskapet pådreg seg offentlege sanksjonar eller økonomiske tap som følgje av at ein ikkje etterlever lover, reglar og bransjestandardar.

Regelverket som treff norske bustadkredittføretak er relativt avgrensa. Føretaka må sikre at lovgjeving rundt kredittgjeving og oppfølging av kredittengasjement er følgt for dei låna som blir kjøpte frå morbanken. For Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS sin del blir dette gjort gjennom kreditt- og kontrollarbeidet som blir gjort i morbanken, inkludert kontrollar frå internrevisor og stadlege tilsyn frå Finanstilsynet. Overvakaren til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS står også fritt til å gjere kredittrelaterte undersøkingar av låna i balansen til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS dersom det er ynskjeleg.

I tillegg regulerer Finansføretakslova kva type lån som kan inngå i sikkerheitsmassen i norske kredittføretak. Regelverket er tydeleg og oversiktleg, og det er vurdert at etterlevingsrisikoen er liten. Overvakaren gjer også kontrollar av etterlevinga på

dette området. Dessutan vil avdeling for risikostyring og etterleving gjennom kontrollarbeid og i gjennomgangar av Finansrett med daleg leiar dempe etterlevingsrisikoen ytterlegare.

Risiko for kvitvasking og terrorfinansiering

I kampen mot kvitvasking og terrorfinansiering har finansnæringa ei viktig samfunnsrolle. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS tek dette ansvaret på alvor og arbeider for å sikre god etterleving av regelverket. Selskapet fekk 30.11.2021 godkjent søknad om løyve til å kunne leggje til grunn kunde-tiltaka som Sparebanken Sogn og Fjordane gjer på AHV-området, som gjeldande AHV-tiltak også i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS. Arbeidet som er gjort i morbanken knytt til å redusere risikoen for kvitvasking, er såleis avgjerande for den samla kvitvaskingsrisikoen også i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Gjennom utlånsverksemda er det i hovudsak to forhold som gir opphav til risiko for terrorfinansiering og kvitvasking. Ved innvilging av lån er det ein risiko for at formålet med låneopptaket ikkje samsvarer med det som er oppgitt, men i staden blir brukt til terrorfinansiering. Låna som ligg i balansen til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er innvilga i morbanken. Men om terrorfinansieringa skjer etter at Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har kjøpt lånet frå morbanken, vil det vere Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS som er långjevjar til kundar som yter finansiering til terrorverksemd.

Faren for kvitvasking vil vere knytt til oppfølging av låneavtalen med kundane. Det vil vere ein risiko for at pengane som blir brukt til å betale ned på lånet, kjem frå kriminell verksemd. Arbeidet med «Kjenn din kunde», som også inneber at opphavet til midlane skal vere kjent, er difor sjølve grunnmuren i arbeidet med å redusere faren både for terrorfinansiering og kvitvasking. I risikovurdering AHV som vart gjort for konsernet våren 2022, er det gjort vurderingar av risikoen for produktspekteret (nedbetalingslån og fleksilån til privatkundar) som Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS tilbyr. Det er vurdert at restrisiko knytt til desse produkta er moderat etter at risikoreducerande tiltak i tråd med KYC-regelverket er gjennomført.

ESG-risiko

ESG-risiko omfattar risiko knytt til klima og natur, sosiale forhold og verksemdstyring. EU har utarbeidd eit klassifikasjonssystem som definerer kriterium for om ein økonomisk aktivitet kan reknast som berekraftig. Føremålet er å etablere eit felles rammeverk for kva som er berekraftige aktivitetar, og å unngå «grønvasking».

Klimarisiko er pr. i dag den mest sentrale risikoen innanfor ESG-feltet. Klimarisiko handlar om risiko

knytt til klimaendringar som kan gje auka risiko og tap for banken. Ein opererer vanlegvis med ei tredeling innanfor klimarisiko:

1. Fysisk risiko: Risiko for at klimaendringar gir temperaturendringar og meir ekstremvær. Ei slik utvikling kan potensielt føre til ein reduksjon av verdien av eigedelar, og i neste omgang gje store finansielle tap både for bankkundar og bankar.
2. Overgangsrisiko: Risiko ved overgang til null-utsleppssamfunn. Dette omfattar til dømes politiske, regulatoriske og teknologiske forhold som kan påverke etterspørselen etter varer og tenester.
3. Ansvarsrisiko: Selskap kan bli haldne ansvarlege for skadar som skuldast klimaendringar pga. avgjerder, eller manglande avgjerder. Dette gjeld banken, men også banken sine kundar.

Det er også ein fare for omdømmetap om finansnæringa ikkje lever opp til dei forventningane og krava som er stilte til næringa gjennom regelverket som regulerer finansaktørane si rolle i kampen mot klimaendringar. I dette ligg også finansføretaka si evne til å stille fornuftige berekfrsrelaterte krav til kundar, og kunden og føretaka si evne til å kunne følgje desse opp.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS yter finansiering til privatkundar med godt sikra bustadlån. Av dei ulike formene for klimarisiko er det den fysiske risikoen og overgangsrisikoen som til ei viss grad kan råke verksemda. Klimaendringar kan føre til at delar av bustadene som selskapet har pant i, ligg i område som i framtida vil vere meir utsett for flaum, ras eller andre øydeleggjande naturkrefter enn tilfellet er i dag. Dette kan påføre selskapet risiko i form av at bustadene i desse områda fell i verdi. For at selskapet skal bli påført tap, må kundane vel og merke både misleghalde lånet og bu i eit område der klimarisikoen påverkar panteverdiane. Misleghaldet på bustadlån er generelt lågt. I tillegg tolerer dei fleste panteobjekta til dels store verdifall før panteverdien er mindre enn engasjementet mot kundane. Ein vurderer difor at pr. i dag er Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS lite utsett for auka kredittrisiko som følgje av moglege klimaendringar.

Overgangsrisikoen er pr. i dag vurdert som liten ut frå den verksemda som Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS driv. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det i framtida vil kome reguleringar knytt til energimerking av bustader som vil kunne redusere verdien av dei panteobjekta som ligg i utlånsporteføljen i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS. Det er likevel ikkje gitt signal om at dette vil skje.

Som følgje av diskusjonen ovanfor er det pr. i dag ikkje gjort ekstra tapsavsetningar knytt til klimarisiko.

RAPPORTERING

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS legg vekt på korrekt og fullstendig rapportering av risiko- og kapitalforhold. Det er difor laga ulike periodiske rapportar som blir behandla av styret, i tillegg til rapportar som inngår i den daglege drifta, og som skal sikre at eksterne lover og interne retningslinjer er følgde til ei kvar tid. Gjennom desse rapportane blir styremedlemmene haldne oppdaterte på om ein ligg an til å nå måla som er sette for selskapet, og om ein held seg innanfor dei vedtekne risikorammane. Kredittrapport, økonomirapport, finansrapport, og likviditetsrapport blir utarbeidde månadleg, og styrebehandla kvart kvartal. Driftsrapport AHV vert styrebehandla kvartalsvis. Det same gjeld økonomi- og rekneskapsrapportar. I tillegg blir det utarbeidd månadleg misleghaldsrapport og dagleg rapport som viser at krava som er stilte til utlånsvolum og anna sikringsmasse er i tråd med eksternt lovverk og interne retningslinjer.

ICAAP blir gjennomført og rapportert ein gang årleg.

Internkontrollrapporteringa skjer på årleg basis. Internkontrollrapporten blir lagd fram for styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS, og inngår også som ein del av samla internkontrollrapport for konsernet. Rapporteringa omfattar vurdering og kommentarar til eige arbeid med internkontrollen, gjennomgang av alle viktige risikoområde, vurdering av korleis lovverket blir etterlevd, og forslag til forbetringstiltak.

Internrevisjonen gjennomfører årleg ei uavhengig stadfesting av internkontrollen i selskapet som blir lagd fram for styret i selskapet. Det same blir kvartalsvise rapportar frå overvakar.

I kapitaldekningsrapporteringa nyttar BSF standardmetoden ved berekning av kredittrisiko, og basismetoden ved berekning av operasjonell risiko.

Note 6 Risikoklassifisering av utlån til kundar

Bankens PD-modellar bereknar sannsynet for at kunden går i misleghald i løpet av dei neste 12 månadene. Meir informasjon om modellane er gitt i note 11. Ved hjelp av modellane vert alle banken sine kredittengasjement risikoklassifiserte månadleg i risikoklassane A – K, der A er best og K er misleghaldne engasjement. Ut frå dette er engasjementa inndelt i 3 hovudgrupper: Låg risiko (PD frå A til D), middels risiko (E-G) og høg risiko (H-K).

Risikoklasse	Sannsyn for misleghald (PD)					
	frå og med	til				
A	0,00 %	0,10 %				
B	0,10 %	0,25 %				
C	0,25 %	0,50 %				
D	0,50 %	0,75 %				
E	0,75 %	1,25 %				
F	1,25 %	2,00 %				
G	2,00 %	3,00 %				
H	3,00 %	5,00 %				
I	5,00 %	8,00 %				
J	8,00 %	100,00 %				
K	100,00 %	100,00 %				

	Brutto utlån		Garantiar og unyttta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2022	2021	2022	2021	2022	2021
Låg risiko (A-D)	20 334 486	17 590 941	1 969 329	1 763 613	2 978	1 325
Middels risiko (E-G)	6 547 412	5 085 044	83 576	78 316	6 421	2 970
Høg risiko (H-K)	1 056 204	633 987	3 777	3 366	12 330	5 925
Sum	27 938 103	23 309 972	2 056 683	1 845 294	21 729	10 220

Note 7 Engasjement i misleghald eller med betalingslette

Betalingsmisleghald

Massemarknad og engasjement med pant i bustad:

Ein konto vert vurdert å vere i betalingsmisleghald når den er i restanse eller overtrett med eit beløp på minst 1.000 kr og minimum 1 % av kunden sin totale saldo. Betalingsmisleghald på ein konto smittar over på alle kunden sine konti i same produktgruppe. Dersom konto med betalingsmisleghald utgjør meir enn 20 % av total eksponering mot kunden, smittar betalingsmisleghaldet over på alle kunden sine konti.

Definisjonen på massemarknad er i denne samanheng bustadlån som ikkje kvalifiserer for 35 % risikovekt, byggelån, forbrukslån og SMB engasjement.

Andre engasjement:

Ein kunde vert sett i betalingsmisleghald når minst ein av kunden sine konti er i restanse eller overtrett med eit beløp på minst 2.000 kr og minimum 1 % av kunden sin totale saldo.

Lengda på betalingsmisleghaldet for ein kunde vert sett tilsvarande kontoen med høgaste tal dagar i betalingsmisleghald.

	Brutto utlån		Garantiar og unyttta trekkrettar		Nedskrivning	
	31.12.22	31.12.21	31.12.22	31.12.21	31.12.22	31.12.21
Betalingsmisleghald 11 – 30 dagar	29 244	15 334	0	0	242	158
Betalingsmisleghald 31 – 90 dagar	24 823	8 077	0	0	551	164
Betalingsmisleghald over 90 dagar	13 995	19 639	0	3	1 708	2 223
Sum engasjement i betalingsmisleghald over 10 dagar	68 062	43 050	0	3	2 501	2 545

Note 7 Engasjement i misleghald eller med betalingslette, framhald

Misleghaldne engasjement

Massemarknad og engasjement med pant i bustad:

Ein konto vert sett i misleghald dersom det er betalingsmisleghald i meir enn 90 dagar og beløpet ikkje er uvesentleg. Grensa for vesentlegheit er sett til 1.000 kr og minimum 1 % av kunden sin totale saldo.

Ny misleghaldsdefinisjon har innført ein karanteneperiode på minimumt 12 månader for misleghald ved restrukturering og minimum 3 månader for anna misleghald.

Ein kunde vert sett i misleghald dersom kunden har minst ein konto i misleghald som utgjer meir enn 20 % av total eksponering mot kunde eller dersom det vert vurdert som usannsynleg at kunden vil vere i stand til å tilbakebetale engasjementet utan å realisere trygd, unlikeliness to pay.

Andre engasjement

Ein kunde vert sett i misleghald dersom minst ein konto er i betalingsmisleghald i meir enn 90 dagar og beløpet ikkje er uvesentleg eller dersom det vert vurdert som usannsynleg at kunden vil vere i stand til å tilbakebetale engasjementet utan å realisere trygd, unlikeliness to pay. Grensa for vesentlegheit er sett til 2.000 og minimum 1 % av kunden sin totale saldo.

Følgjande årsaker kan føre til unlikeliness to pay:

- Individuell nedskrivning på kunden
- Konkurs
- Gjeldsordning
- Restrukturering, betalingslette som reduserer verdien av engasjementet med meir enn 1 %
- Realisering av trygd
- Forventning om konkurs eller betalingsmisleghald

Kunde eller konto i misleghald har karanteneperiode på minimum 3 månader.

Kunde eller konto i misleghald ved restrukturering har karanteneperiode på minimum 12 månader.

Det blir lagt til grunn at misleghaldne engasjement er det same som kredittforringa engasjement definert i IFRS 9.

	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskrivning	
	31.12.22	31.12.21	31.12.22	31.12.21	31.12.22	31.12.21
Betalingsmisleghald over 90 dagar	13 995	19 639	0	3	1 708	2 223
Øvrige misleghaldne engasjement	115 496	95 578	0	0	3 020	1 307
Sum misleghaldne engasjement	129 491	115 217	0	3	4 728	3 530

Betalingslette

Betalingslette er endring i avtalte vilkår som er innvilga fordi kunden har økonomiske vanskar, og som ikkje ville blitt innvilga dersom kunden var i ein betre økonomisk situasjon.

	Brutto utlån		Garantiar og unytta trekkrettar		Nedskrivning	
	31.12.22	31.12.21	31.12.22	31.12.21	31.12.22	31.12.21
Betalingslette som ikkje også er i misleghald	180 838	137 306	126	36	1 645	279
Betalingslette og misleghald	49 268	43 630	0	0	1 953	1 168
Sum betalingslette	230 106	180 936	126	36	3 598	1 447

Korrigerering av historiske tal

Det er avdekkja ein feil i dei historiske tala. Tala pr. 31.12.21 er difor korrigerert.

Denne feilen har ikkje effekt på tapsavsetningane, tapskostnadene eller andre rekneskapstal.

Note 8 Utlån fordelt på sektor

	Brutto utlån		Garantiar og unyttta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2022	2021	2022	2021	2022	2021
Lønstakarar og pensjonistar	27 635 031	23 074 998	2 019 828	1 816 719	21 473	9 692
Personleg næringsdrivande	303 072	234 974	36 855	28 575	256	528
Sum	27 938 103	23 309 972	2 056 683	1 845 294	21 729	10 220

Note 9 Utlån fordelt på geografisk område

	Brutto utlån		Prosent av brutto utlån	
	2022	2021	2022	2021
Vestland	20 598 171	17 481 007	73,7 %	75,0 %
Oslo	2 768 014	2 212 037	9,9 %	9,5 %
Viken	2 469 670	1 983 336	8,8 %	8,5 %
Møre og Romsdal	522 646	400 728	1,9 %	1,7 %
Rogaland	435 487	331 568	1,6 %	1,4 %
Resten av landet og utlandet	1 144 115	901 296	4,1 %	3,9 %
Sum brutto utlån	27 938 103	23 309 972	100,0 %	100,0 %

Note 10 Utlån fordelt på belåningsgrad

Tabellen under viser engasjement fordelt på ulike nivå for belåningsgrad. Belåningsgrad vert berekna som engasjement delt på verdiane av eigedomane som ligg som trygd for engasjementet. Det er verdiestimat frå Eiendomsverdi AS som blir nytta som verdi på eigedomane.

	Brutto utlån		Garantiar og unyttta trekkrettar		Nedskrivningar	
	2022	2021	2022	2021	2022	2021
Belåningsgrad 0 % t.o.m 40 %	5 270 115	4 568 106	1 007 974	827 684	3 530	3 615
Belåningsgrad 40 % t.o.m 60 %	8 533 761	7 483 750	835 268	747 451	3 961	1 714
Belåningsgrad 60 % t.o.m 75 %	9 882 108	9 553 873	165 192	237 614	8 236	3 864
Belåningsgrad 75 % t.o.m 100 %	4 176 164	1 676 769	31 573	28 947	5 550	979
Belåningsgrad over 100 %	75 955	27 475	16 676	3 598	452	49
Usikra	0	0	0	0	0	0
Sum	27 938 103	23 309 972	2 056 683	1 845 294	21 729	10 220

Note 11 Forklaring av modell for nedskrivning etter IFRS 9

Selskapet har utarbeidd eit rammeverk for å berekne nedskrivningar i samsvar med krava i IFRS 9. Modellen bereknar forventa kredittap (ECL) for alle gjelds-konti, garantiar og unyttta kredittar. Forventa tap er eit forventningsrett estimat basert på fleire framtidige scenario.

I modellen blir låna delt i tre trinn. Når eit lån blir innrekna første gangen vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom kontoen har hatt ein vesentleg auke i kreditttrisikoen sidan det vart innrekna første gangen, blir det flytta til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokerte til trinn 3, der definisjonen av misleghald samsvarer med definisjonen nytta i intern risikostyring, gitt i note 7. Ein konto skal alltid allokeraast til det høgaste trinnet den kvalifiserer for.

For engasjement i trinn 1 blir det berekna forventa tap for misleghald som oppstår innan 12 månader fram i tid, medan det for engasjement i trinn 2 og 3 blir berekna tap over heile engasjementet si forventa restløpetid.

ECL blir berekna basert på parametrar som gir eit estimat for eksponering ved misleghald (EAD) og tap gitt misleghald (LGD), i tillegg til sannsyn for misleghald (PD), for kvar periode.

Individuell nedskrivning

Selskapet gjer som hovudregel ikkje individuelle nedskrivningar på privatkundar. Unntaksvis kan det likevel takast individuell nedskrivning på større enkeltengasjement, der modellnedskrivning er vurdert å vere for låg.

Individuelle nedskrivningar vert berekna ved sannsynsvektning av ulike scenario for utfall i saka. Der det er gjort ei individuell nedskrivning vil dette overstyre modellberekna tap på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivningar i trinn 3.

Sannsyn for misleghald (PD)

Selskapet har, basert på interne misleghaldsdata, utvikla modellar for å estimere sannsynet for at eit engasjement går i misleghald i løpet av den påfølgjande 12-månadsperioden (12-månads PD). Sannsynet for at eit engasjement går i misleghald i løpet av restløpetida til engasjementet (livstids-PD) vert avleia av 12-månads PD, der ein går ut frå at PD på sikt migrerer mot gjennomsnittleg PD i porteføljen.

Selskapet har søknadsscore- og åtferdsscore-modellar på kundenivå. Søknadsscoremodellane blir nytta for å rekne ut PD når ein kunde søker om eit lån eller ein kreditt. Åtferdsscoremodellane blir brukt til å berekne PD for alle løpande engasjement ved utgangen av kvar måned.

Tap gitt misleghald (LGD)

LGD representerer det selskapet forventar å tape gitt at eit engasjement går i misleghald og byggjer på komponentane:

- Sannsynet for at eit misleghalde engasjement blir friskmeldt
- Framskreven sikkerheitsdekning for engasjementet
- Forventa gjenvinning av usikra del av engasjementet
- Eksterne kostnader ved realisasjon

I tillegg vert det sett eit nedre golv for tap, dersom kontoen ikkje blir friskmeldt. Dette golvet var pr. 31.12.22 sett til 1 %.

I berekning av sikkerheitsdekning nyttar vi forventa realisasjonsverdi av underliggende pant. For bustad-eigedomar og næringseigedomar er realisasjonsverdien sett til 80 % av verdiestimatet. Realisasjonsverdiane blir framskrivne basert på tre framtidsscenario for prisutvikling.

Eksponering på misleghaldstidspunktet (EAD)

EAD representerer forventa eksponering mot kunden på misleghaldstidspunktet. For lån der det finst ein kontraktsfesta nedbetalingsplan, blir dette nytta som utgangspunkt for fastsetting av EAD. Det blir gjennomført ei justering, for å ta omsyn til sannsynet for at kunden betaler tilbake lånet raskare enn det som er gitt av nedbetalingsplanen. Dette inkluderer sannsynet for at kunden innfrir lånet før avtalt innfriingstidspunkt. For kredittar går ein ut frå at heile ramma er trekt opp på misleghaldstidspunktet.

Forventa levetid

For lån og kredittar i trinn 2, skal ECL bereknast for resterande forventa levetid. For lån og kredittar med ei kontraktsfesta levetid, er dette attståande løpetid på rapporteringstidspunktet. For unyttta kredittar, er det lagt til grunn ei forventa levetid basert på gjennomsnittleg observert levetid for avslutta kredittar.

Vesentleg auke i kredittisiko

Migrering frå trinn 1 til trinn 2 er styrt av definisjonen av vesentleg auke i kreditttrisikoen. Det er opp til selskapet sjølv å setje grensa for vesentleg auke i kredittisiko. Regelsettet som vert nytta består av tre element – eit kvantitativt element, eit kvalitativt element og eit back stop. Det kvantitative elementet er hovuddrivaren for migrering frå trinn 1 til trinn 2.

Kvantitativt element: Eit engasjement er vurdert å ha hatt ein vesentleg auke i kreditttrisikoen, dersom PD på rapporteringsdatoen er minst dobbelt så stor

som forventa PD berekna på innrekningstidspunktet, og endring i PD er minst 0,75 prosentpoeng.

Kvalitativt element: Dersom kunden har betalingslette på minst eitt lån, eller kunden er på selskapet si overvåkingsliste for kundar med auka kredittrisiko, skal alle kontoane til kunden overførast til trinn 2, dersom dei ikkje kvalifiserer til trinn 3.

Back stop: Dersom kontoen er i betalingsmisleghald med meir enn 30 dagar skal kontoen flyttast til trinn 2 uavhengig av om den oppfyller krava i den kvantitative og den kvalitative testen. Ved betalingsmisleghald over 90 dagar skal kontoen flyttast til trinn 3.

Migrering til lågare trinn

Ein konto i trinn 2 kan migrere tilbake til trinn 1, dersom den ikkje lenger oppfyller nokon av dei tre kriteria beskrive ovanfor. Om lånet har vore på selskapet si overvåkingsliste, må lånet gjennom ein karanteneperiode på tre månader før det kan bli flytta til trinn 1.

Engasjement som har gått i misleghald vil migrere frå trinn 3 til trinn 1 eller 2, når dei ikkje lengre er misleghaldsmerka og lånet har gått gjennom ein karanteneperiode på tre månader, utan nye misleghaldshendingar.

For kundar som har vore i misleghald som følgje av to eller fleire betalingsletter over ein periode på to år, eller som får overtrekk/restanse over 30 dagar i toårsperioden etter eit betalingslette, gjeld karantene på 12 månader.

Frårekning av lån

Eit lån blir vist som frårekna, når lånet er innfridd og lånekontoen avslutta. Dette gjeld både når lånet er betalt tilbake av kunden, eller refinansiert i eigen eller anna bank.

Makrosenario

Som tidlegare nemnt tek selskapet omsyn til informasjon om framtida, for å kome fram til eit estimat på ECL. Det blir gjort ved å legge til grunn tre makroøkonomiske scenario i berekninga. Eit forventa scenario med vekt på 50 %, eit pessimistisk makrosenario og eit optimistisk makrosenario som kvar har vekt på 25 %. ECL vert vekta utifrå utfallet av dei tre scenarioa.

Samanhengen mellom makroøkonomiske parametrar og PD har tidlegare blitt gitt av ein modell utvikla av Norsk Regnesentral, der framtidig rentenivå og arbeidsløyse vart nytta til å estimere framtidig misleghaldsnivå for privatkundar. På grunn av den spesielle makroøkonomiske situasjonen vi har vore gjennom, er ikkje modellen godt nok eigna til å predikere misleghaldsnivået dei neste åra. Det er

difor gjort skjønsmessige vurderingar av forventa utvikling i misleghaldsnivå fem år fram i tid, med bakgrunn i framskrivingar frå Pengepolitisk Rapport og Statistisk Sentralbyrå.

Alle engasjementa i selskapet er sikra med pant i bustad, der sikkerheitsverdiene i scenarioa vert framskrivne basert på prognose for bustadprisutvikling frå Pengepolitisk Rapport.

Det er per i dag ikkje tatt inn klimarelaterte scenario i berekning av tap.

Meir informasjon om makrosenarioa er gitt i note 15.

Uvisse

Måling av forventa tap er komplekst, og leiinga må utøve profesjonelt skjønn, ved fastsetting av fleire av føresetnadene som er nytta som input.

For engasjement med modellbasert tap er usikkerheita i hovudsak knytt til fastsetjing av PD, LGD og EAD, samt regelsett for vesentleg auke i kredittrisiko (trinn 2) og avgjerd for om kriteriet for manuell merking av misleghald er oppfylt. For individuell nedskrivning er det nytta skjønn ved fastsetting av føresetnader for framtidige kontantstraumar og verdsetjing av sikkerheiter.

Andre område med estimatusikkerheit er fastsetjinga av framtidige scenario for utvikling i PD og bustadpriser, under dette vektinga av scenarioa. Det er i tillegg knytt stor usikkerheit til utvikling i klimændringane og korleis desse vil påverke tap på bustadlån.

Styring og kontroll

Gjennom selskapet sine rutinar og instruksar er det etablert ein tydeleg arbeidsprosess knytt til fastsetjing av tap. Denne prosessen gir ei tydeleg ansvarsdeling mellom ulike avdelingar i selskapet, for høvesvis utvikling og vedlikehald av modellar, utarbeiding av makrosenario, vurdering av scenarioa og gjennomføring av tapsvurderingar.

Endringar i modell for nedskrivning i løpet av 2022 med tilhøyrande resultateffektar

Endring	Endring trede i kraft	Resultat-effekt
Endring på framtidsscenario for utvikling i PD og bustadprisar	4. kvartal 2022	- 9,0 mill. kr

Note 12 Engasjement fordelt på steg i IFRS 9

2022	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til amortisert kost pr. 01.01.22	21 611 310	1 552 094	115 217	23 278 621
Overføringer til trinn 1	453 283	- 427 021	- 26 262	0
Overføringer til trinn 2	- 572 483	591 702	- 19 219	0
Overføringer til trinn 3	- 30 239	- 45 879	76 118	0
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	10 183 924	1 074 885	17 873	11 276 681
Finansielle egedelar som er frårekna	- 5 169 921	- 450 581	- 32 887	- 5 653 390
Andre endringar	- 931 111	- 31 352	- 1 348	- 963 810
Brutto utlån til amortisert kost pr. 31.12.22	25 544 763	2 263 849	129 491	27 938 103
Nedskrivningar på utlån til amortisert kost pr. 31.12.22	5 479	11 381	4 726	21 587
Netto utlån til amortisert kost pr. 31.12.22	25 539 283	2 252 468	124 765	27 916 516
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til verkeleg verdi PL pr. 31.12.22	0	0	0	0
Nedskrivningar på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.22	0	0	0	0
Netto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.22	0	0	0	0
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Samla brutto utlån pr. 31.12.22	25 544 763	2 263 849	129 491	27 938 103
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.12.22	5 479	11 381	4 726	21 587
Samla netto utlån pr. 31.12.22	25 539 283	2 252 468	124 765	27 916 516
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Garantiar og unytta trekkrettar pr. 31.12.22	2 031 204	25 087	392	2 056 683
Nedskrivning på garantiar og unytta trekkrettar pr. 31.12.22	105	36	2	142
Netto eksponering på garantiar og unytta trekkrettar pr. 31.12.22	2 031 099	25 051	390	2 056 541
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
2021	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til amortisert kost pr. 01.01.21	20 115 257	1 513 123	50 075	21 678 455
Overføringer til trinn 1	495 221	- 485 170	- 10 051	0
Overføringer til trinn 2	- 529 904	543 938	- 14 035	0
Overføringer til trinn 3	- 25 878	- 60 142	86 021	0
Nye finansielle egedelar utsteda eller kjøpt	7 227 143	515 664	20 468	7 763 274
Finansielle egedelar som er frårekna	- 4 839 109	- 435 261	- 13 260	- 5 287 630
Andre endringar	- 831 421	- 40 056	- 4 001	- 875 478
Brutto utlån til amortisert kost pr. 31.12.21	21 611 310	1 552 094	115 217	23 278 621
Nedskrivningar på utlån til amortisert kost pr. 31.12.21	2 635	3 989	3 530	10 154
Netto utlån til amortisert kost pr. 31.12.21	21 608 674	1 548 106	111 687	23 268 467
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Brutto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.21	31 351	0	0	31 351
Nedskrivningar på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.21	4	0	0	4
Netto utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.21	31 347	0	0	31 347
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Samla brutto utlån pr. 31.12.21	21 642 661	1 552 094	115 217	23 309 972
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.12.21	2 640	3 989	3 530	10 158
Samla netto utlån pr. 31.12.21	21 640 021	1 548 106	111 687	23 299 814
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Garantiar og unytta trekkrettar pr. 31.12.21	1 814 755	30 536	3	1 845 294
Nedskrivning på garantiar og unytta trekkrettar pr. 31.12.21	45	17	0	62
Netto eksponering på garantiar og unytta trekkrettar pr. 31.12.21	1 814 710	30 519	3	1 845 232

Note 13 Nedskrivning fordelt på trinn i IFRS 9

Når eit lån blir innrekna første gangen vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom engasjementet har hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen sidan det vart innrekna første gangen blir det overført til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokert til trinn 3. Der det er gjort ei individuell nedskrivning vil dette overstyre modellberekna tap på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivningar i trinn 3 i tabellen under.

2022	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.22	2 635	3 989	3 530	10 154
Overføringar til trinn 1	116	- 873	- 222	- 980
Overføringar til trinn 2	- 160	1426	- 341	925
Overføringar til trinn 3	- 15	- 275	2 969	2 680
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	2 989	6 306	411	9 706
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 802	- 1 456	- 2 373	- 4 631
Endring i modell- og makroparametere	2 383	5 716	820	8 920
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 1 666	- 3 452	- 69	- 5 187
Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 31.12.22	5 479	11 381	4 726	21 587
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.22	0	0	0	0
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.12.22	5 479	11 381	4 726	21 587

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.22	45	17	0	62
Overføringar til trinn 1	1	- 4	0	- 3
Overføringar til trinn 2	- 1	3	0	2
Overføringar til trinn 3	0	0	2	2
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	9	9	0	18
Finansielle eigedelar som er frårekna	0	- 1	0	- 1
Endring i modell- og makroparametere	43	21	0	64
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	7	- 9	0	- 2
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.22	105	36	2	142

2021	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.21	2 772	3 793	2 538	9 104
Overføringar til trinn 1	105	- 977	- 257	- 1 128
Overføringar til trinn 2	- 169	874	- 119	586
Overføringar til trinn 3	- 16	- 230	2 973	2 727
Nye finansielle eigedelar utsteda eller kjøpt	1 238	1 722	347	3 307
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 822	- 1 242	- 882	- 2 946
Endring i modell- og makroparametere	72	741	159	973
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 545	- 692	- 1 229	- 2 467
Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 31.12.21	2 635	3 989	3 530	10 154
Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 31.12.21	4	0	0	4
Samla nedskrivning på utlån pr. 31.12.21	2 640	3 989	3 530	10 158

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.21	63	12	0	75
Endringar i perioden	- 18	5	0	- 13
Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 31.12.21	45	17	0	62

Note 14 Resultatførte tap på utlån og unyttede trekkretter

	2022	2021
Auke/reduksjon i individuell nedskrivning	0	- 1 213
Auke/reduksjon i forventede tap (modellbasert)	11 509	2 215
Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskrivning	0	0
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	0	0
Inngang på tidlegare års konstaterte tap	0	0
Resultat av nedskrivning for perioden	11 509	1 001

Note 15 Makroøkonomiske scenario i modell for nedskrivning etter IFRS 9

Nedskrivningar skal ifølgje IFRS 9-regelverket ta inn forventning om framtidig utvikling i misleghald og tap. Frå 2018 har det vore brukt ein statistisk modell for å beskrive samanhengen mellom forventede utvikling i makroøkonomiske parametarar og framtidig misleghaldsnivå. På grunn av den spesielle makroøkonomiske situasjonen dei siste åra, vil ikkje modellen vere godt nok eigna til å predikere det framtidige misleghaldsnivået. Det er difor gjort skjønnsmessige vurderingar av forventede utvikling i misleghaldsnivå 5 år fram i tid, basert på prognosar i Norges Banks Pengepolitiske rapport. For utvikling i bustadprisar vert det nytta tal frå Statistisk Sentralbyrå.

Forventede tap blir berekna basert på vekting mellom tre makroøkonomiske scenario, der scenario 1 er venta scenario. I tillegg blir det nytta eit optimistisk makroscenario (scenario 2) der den norske økonomien går betre enn venta, og eit pessimistisk makroscenario (scenario 3) der den norske økonomien går dårlegare enn venta.

Tabellen under viser dei framtidige scenarioa for beregning av forventede tap pr. 31.12.22.

	Misleghaldsnivå/PD målt med utgangspunkt pr. 31.12.22					Bustadprisar	
	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5	Gj. sn. årleg vekst	Vekting av scenario
Scenario 1: Venta scenario	2,00	2,20	2,00	1,80	1,60	0,1 %	50 %
Scenario 2: Optimistisk scenario	1,50	1,65	1,50	1,35	1,20	1,1 %	25 %
Scenario 3: Pessimistisk scenario	2,50	2,75	2,50	2,25	2,00	- 1,9 %	25 %

Sensitivitetsanalyse for endring på føresetnader i tapsmodellen etter IFRS 9

Tabellen under viser kor sensitivt kredittføretaket sitt resultat vil vere for endringar i dei skjønnsmessige vurderte parametranne vist over. Dersom ein til dømes hadde lagt nivået for PD i alle scenarioa 10 % høgare over alle 5 åra, ville forventede tap auka med 1,4 millionar kr. Dette ville gitt ein tilsvarande reduksjon i resultat før skatt. Dersom forventede årleg endring i bustadprisar hadde vore justert opp 2 prosent poeng, ville resultatet auka med 2,3 millionar kr.

	Endring parameter	Endring resultat før skatt
Misleghaldsnivå/PD målt mot utgangspunkt	- 50 %	7 659
	- 20 %	2 922
	- 10 %	1 440
	+ 10 %	- 1 401
	+ 20 %	- 2 769
	+ 50 %	- 6 684
Årleg endring i bustadprisar	- 5 pp.	- 6 863
	- 2 pp.	- 2 596
	- 1 pp.	- 1 270
	+ 1 pp.	1 199
	+ 2 pp.	2 326
	+ 5 pp.	5 216

Note 15 Makroøkonomiske scenario i modell for nedskrivning etter IFRS 9, framh.

Tabellen under viser endring i resultat før skatt ved 100 % vekting av dei enkelte scenarioa. Om det pessimistiske scenarioet hadde vore nytta som einaste scenario ville selskapets nedskrivningar auka med 5,9 millionar kroner og resultatet før skatt ville blitt tilsvarande redusert.

	Endring resultat før skatt
Scenario 1: Venta scenario	451
Scenario 2: Optimistisk makrosenario	5 017
Scenario 3: Pessimistisk makrosenario	- 5 920

Note 16 Utlån til og krav på kredittinstitusjonar

	2022	2021
Sum utlån og krav på kredittinst. utan avtalt løpetid til amortisert kost *)	136 106	142 148
Sum utlån og krav på kredittinst. med avtalt løpetid til amortisert kost	0	0
Sum utlån og krav på kredittinstitusjonar til amortisert kost	136 106	142 148

*) Gjeld driftskonto/mellomregningskonto mellom Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS og Sparebanken Sogn og Fjordane.

Note 17 Sensitivitetsanalyse

Ved endringar av marknadsrisiko som inntreff i løpet av 1. året vil innverknad for resultat og eigenkapital bli som vist nedanfor basert på balansen pr. 31.12.22.

Innverknad på resultat/eigenkapital

	- 1,50 %	RENTE	1,50 %
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar	- 1 409		1 409
Obligasjonar og andre verdipapir med fast avkastning	- 1 789		1 789
Utlån til kundar	- 289 263		289 263
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	165 832		- 165 832
Finansielle derivat	49 775		- 49 775
Gjeld til kredittinstitusjonar	44 215		- 44 215
Sum	- 32 639		32 639

Noten viser den rekneskapsmessige effekten over ein periode på 12 månader av ei umiddelbar parallell renteendring på + 1,5 prosentpoeng og - 1,5 prosentpoeng. Det er teke omsyn til endring i løpande renteinntekter og kostnader, og eingangseffekten ein slik umiddelbar renteendring har på dei postar som blir ført til verkeleg verdi og på dei effektar renteendringa har på resultat for gjenverande rentedurasjonsperiode før renteendringa får inntekts-/og kostnadsmessig effekt. Selskapet nyttar sikringsbokføring i sine rekneskap.

Note 18 Likviditetsrisiko

Udiskonterte kontantstraumar finansielle plikter

Beløp i 1000 kr	0-1 MND	1-3 MND	3-12 MND	1-5 ÅR	>5 ÅR	Utan rest- løpe- tid	TOTALT
Gjeld til kredittinstitusjonar	12 968	25 935	116 708	4 442 260	0	0	4 597 871
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	69 442	108 901	2 617 548	17 631 661	5 615 926	0	26 043 478
Anna gjeld	0	15 718	15 718	0	0	0	31 436
Unyttta kredittrammer utlån	2 057 683	0	0	0	0	0	2 057 683
Finansielle derivat brutto oppgjer (utbetalingar)	9 136	20 745	165 830	713 077	882 995	0	1 791 782
Sum 2022	2 149 228	171 299	2 915 805	22 786 997	6 498 921	0	34 522 249

*) Finansielle derivat brutto

oppgjer (innbetalinger)	0	0	145 113	750 589	590 890	0	1 486 592
Finansielle derivat netto oppgjer (negativt tal gjev netto innbetaling)	9 136	20 745	20 718	- 37 512	292 104	0	305 191

Beløp i 1000 kr	0-1 MND	1-3 MND	3-12 MND	1-5 ÅR	>5 ÅR	Utan rest- løpe- tid	TOTALT
Gjeld til kredittinstitusjonar	1 246	2 492	11 215	1 153 006	0	0	1 167 959
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	18 824	42 174	2 714 722	12 762 078	6 239 441	0	21 777 240
Anna gjeld	0	23 936	23 936	0	0	0	47 871
Unyttta kredittrammer utlån	1 845 294	0	0	0	0	0	1 845 294
Finansielle derivat brutto oppgjer (utbetalingar)	0	6 384	19 276	102 847	165 423	0	293 930
Sum 2021	1 865 364	74 985	2 769 148	14 017 931	6 404 864	0	25 132 294

Forfallsoversikten er inkludert renter. For å rekne ut rentekostnadene for innlån med flytande rente vert det nytta gjeldande renter på rapporteringstidspunktet.

Note 19 Netto inntekter frå finansielle instrument

	2022	2021
Netto renteinntekter		
Renter og liknande inntekter av utlån og fordringar på kreditinstitusjonar vurdert til amortisert kost	6 483	1 347
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kundar vurdert til amortisert kost	731 603	441 324
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kundar vurdert til verkeleg verdi	227	2 852
Renter og liknande inntekter av sertifikat og andre renteberande papir til verkeleg verdi	5 035	1 315
Sum renteinntekter	743 348	446 838
Renter og liknande kostnader på gjeld til kreditinstitusjonar vurdert til amortiser kost	93 442	16 978
Renter og liknande kostnader på utsteda verdipapir vurdert til amortisert kost	378 358	161 845
Renter og liknande kostnader på utsteda verdipapir vurdert til verkeleg verdi	75 202	18 631
Sikringsfondsavgift/ krisehandteringsavgift	3 476	2 655
Andre rentekostnader og liknande kostnader av gjeld vurdert til amortisert kost	1 469	365
Sum rentekostnader	551 947	200 475
Sum netto renteinntekter	191 401	246 363
Netto vinst/tap på finansielle instrument		
Utlån- verdiregulering fastrente	- 469	- 1 389
Sertifikat og obligasjonar - plasseringar	- 3 555	- 1 054
Obligasjonsgjeld	194 577	114 209
Derivat	- 207 509	- 112 360
Netto vinst/tap på finansielle instrument til verkeleg verdi	- 16 957	- 594

Note 20 Driftskostnader

	2022	2021
Lønn og andre personalkostnader	46	43
IT-kostnader	816	816
Andre tenester	1 151	1 390
Andre kostnader	134	137
Sum administrasjonskostnader	2 101	2 343
Kjøp av tenester frå konsernet	7 399	6 789
Revisjonshonorar	177	246
Honorar utlegging obligasjonar og rating	2 639	2 544
Andre driftskostnader	109	54
Andre kostnader	10 324	9 633
Sum andre kostnader	12 425	11 976
Sum driftskostnader	12 471	12 018

Note 21 Godtgjersle til leiande tilsette og styret Transaksjonar med nærstående partar

Godtgjersle til leiande tilsette og styret

Selskapet leiger dagleg leiar av Sparebanken Sogn og Fjordane. Det er ikkje utbetalt godtgjersle frå selskapet til dagleg leiar. Styret har eitt eksternt styremedlem. Det er betalt ut styregodtgjersle til det eksterne styremedlemet.

Styret	Godtgjersle	Lån pr. 31.12.2022
Frode Vassest	0	545
Linda Vøllestad Westbye	0	5 302
Ingeborg Aase Fransson	0	0
Peter Olav Midthun	40	0

Dagleg leiar

Irene Flølo (innleigd dagleg leiar frå banken)	0	0
--	---	---

Transaksjonar med konsernselskap

	2022	2021
Renter motteke frå Sparebanken Sogn og Fjordane	6 483	1 347
Renter betalt til Sparebanken Sogn og Fjordane	94 911	17 343
Renter betalt til Sparebanken Sogn og Fjordane på OMF	21 588	23 807
Kjøpte tenester av Sparebanken Sogn og Fjordane	7 399	6 789
Innskot i Sparebanken Sogn og Fjordane	136 106	142 148
Gjeld til Sparebanken Sogn og Fjordane	4 318 520	1 149 260
OMF-gjeld til Sparebanken Sogn og Fjordane	0	2 501 824

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har ingen tilsette. Det er inngått avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane om levering av tenester knytt til låneadministrasjon og drift av selskapet. Alle utlån som selskapet har, er overført frå Sparebanken Sogn og Fjordane og det er inngått avtale med banken om forvaltning av denne utlånsporteføljen. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS påtek seg all risiko knytt til låna som er kjøpte frå morbanken. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har fått tilgang til sterke kredittfasilitetar hos Sparebanken Sogn og Fjordane. Desse skal sikre at selskapet kan betale renter og avdrag til OMF-eigarane, at selskapet er i stand til å dekkje lånekundane sine opptrekk på etablerte fleksilån, at selskapet har mellomfinansiering ved overføring av lån, og finansiering av nødvendig overdekning i sikkerheitsmassen.

Nærare om kredittavtalane

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har fem kredittavtaler med Sparebanken Sogn og Fjordane (SSF):

- Ein rammekreditt på 4.000 mill. kr. til finansiering av oppgjær ved kjøp av bustadlån frå SSF. Avtalen er ein rullerande kredittfasilitet med ein oppseiingsfrist frå SSF si side på 15 mnd. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS kan kan seie opp eller endre ramma med SSF med 14 dagars varsel. Nytt ramma pr. 31.12.2022 er 1.730 mill. kr.
- Ein kredittavtale som skal sikre at OMF-eigarane får oppgjær også i tilfelle der kredittføretaket ikkje klarer å gjere opp for seg. Ramma på avtalen pr. 31.12.2022 er på 727 mill. kr. Pliktene til morbanken er knytt til oppgjær mot OMF-eigarane eitt år fram i tid.
- Ein kredittavtale som kan nyttast for å finansiere opptrekk på til ei kvar tid ubrukte fleksilånsrammer. Pr. 31.12.2022 er ramma på avtalen 2.057 mill. kr.
- Ein kredittavtale knytt til overkollateralisering. Avtalen skal berre nyttast til kjøp av lån som inngår i sikringsmassen, og til kjøp av instrument som kvalifiserer som likviditetsreserve. Ramma pr. 31.12.2022 er på 1.715 mill. kr, og er avhengig av OMF-volumet som til ei kvar tid er utferda.
- Eit langsiktig rammelån. Nytt lån frå 15.12.2022. Ramma på lånet er på 1.000 mill. kr og er trekt opp pr. 31.12.2022.

I tillegg til desse 5 kredittavtalane er det inngått ein ISDA avtale mellom Bustadkreditt og Sparebanken Sogn og Fjordane. ISDA avtalen regulerer all derivathandel mellom partane. ISDA avtalen har same oppbygging som andre avtalar som Sparebanken har med andre eksterne aktørar der ein dagleg måler verdiendringane av rentesikringsavtalane og der sikkerheit blir utveksla. Ved utlegging av fastrente OMF rentesikrar SSF volumet mot ekstern part og internswappar vidare til Bustadkreditt.

Alle avtalar og transaksjonar er inngått etter prinsippet om armlengdes avstand.

Note 22 Godtgjersle revisor

	2022	2021
Lovpålagd revisjon inkl. mva	120	99
Godtgjersle overvaking inkl. mva	57	147
Andre tenester utanfor revisjon inkl. mva	0	0
Sum	177	246

Note 23 Skattekostnad

	2022	2021
Betalbar skatt denne perioden	31 436	47 872
For mykje avsett skatt i fjor	0	0
Sum betalbar skatt	31 436	47 872
Endring utsett skatt/skattefordel		
Utsett skatt som skuldast opparbeiding/reversering av midlertidige forskjellar	2 350	3 821
Sum endring utsett skatt/skattefordel	2 350	3 821
Sum skattekostnad	33 786	51 692
Avstemming av forventa skattekostnad til faktisk skattekostnad		
Ordinært resultat før skatt	152 698	234 966
Forventa inntektsskatt med nominell skattesats på 22 %	33 594	51 692
Redusert skatt knytt til vinst/tapskonto	0	0
For lite avsett skatt i fjor	0	0
Andre skilnader	192	0
Skattekostnad	33 786	51 692
Betalbar skatt	31 436	47 872
Betalbar skatt i balansen	31 436	47 872

SPESIFIKASJON AV SKATTEEFFEKTEN AV MIDLERTIDIGE FORSKJELLAR

Skattereduserande midlertidige forskjellar

Finansielle instrument	0	0
Vinst og tapskonto	57	72
Sum skattereduserande midlertidige forskjellar	57	72

Skatteaukande midlertidige forskjellar

Finansielle instrument	17 923	7 256
Vinst og tapskonto	0	0
Sum skatteaukande midlertidige forskjellar	17 923	7 256

Netto grunnlag utsett skatt (-) /skattefordel	- 17 866	- 7 184
Netto utsett skattefordel/ gjeld (-) i balansen	- 3 930	- 1 581

Skattesatsen for betalbar skatt og utsatt skatt/utsatt skattefordel er 22 %, både i 2021 og 2022.

Utsett skattefordel blir balanseført i den utstrekning det er sannsynleg at den vil kunne nyttast mot skattepliktig framtidig inntekt.

Note 24 Klassifisering av finansielle instrument

	2022		2021	
	BALANSE- FØRT VERDI	VERKELEG VERDI	BALANSE- FØRT VERDI	VERKELEG VERDI
Netto utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar				
Utlån til og fordringar på kredittinst. til amortisert kost. lån og fordringar	136 106	136 106	142 148	142 148
Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	136 106	136 106	142 148	142 148
Obligasjonar og sertifikat				
Sertifikat og obligasjonar bestemt bokført til verkeleg verdi	207 384	207 384	233 145	233 145
Sum obligasjonar og andre verdipapir	207 384	207 384	233 145	233 145
Netto utlån til kundar				
Utlån til kundar til amortisert kost, lån og fordringar, brutto	27 938 103	27 938 103	23 278 621	23 278 621
Utlån til kundar til verkeleg verdi, lån og fordringar, brutto	0	0	31 351	31 351
Sum utlån før individuelle nedskrivningar og gruppenedskrivningar	27 938 103	27 938 103	23 309 972	23 309 972
- Nedskrivningar på individuelle utlån	0	0	0	0
- Modellnedskrivningar	- 21 587	- 21 587	- 10 158	- 10 158
Sum netto utlån til kundar	27 916 516	27 916 516	23 299 814	23 299 814
Andre egedelar				
Finansielle derivat, verkeleg verdi	68 628	68 628	41 709	41 709
Andre egedelar, amortisert kost	0	0	0	0
Sum andre egedelar	68 628	68 628	41 709	41 709
Sum finansielle egedelar	28 328 634	28 328 634	23 716 815	23 716 815
Finansielle egedelar summert etter klassifisering				
Finansielle egedelar bestemt bokført til verkeleg verdi	276 012	276 012	306 200	306 200
Finansielle egedelar til amortisert kost, lån og fordringar	28 052 622	28 052 622	23 410 615	23 410 615
Sum finansielle egedelar	28 328 634	28 328 634	23 716 815	23 716 815
Gjeld til kredittinstitusjonar				
Lån og innskot fra kredittinstitusjonar til amortisert kost	4 318 520	4 318 520	1 149 260	1 149 260
Sum gjeld til kredittinstitusjonar	4 318 520	4 318 520	1 149 260	1 149 260
Verdipapirgjeld				
Utfærdta sertifikat og obligasjonar til amortisert kost	16 568 372	16 565 433	18 516 863	18 605 970
Utfærdta sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi	4 783 983	4 783 983	2 012 472	2 012 472
Sum verdipapirgjeld	21 352 355	21 349 416	20 529 335	20 618 442
Anna finansiell gjeld				
Finansielle derivat, verkeleg verdi	340 847	340 847	30 151	30 151
Anna gjeld, amortisert kost	36 468	36 468	63 538	63 538
Sum anna finansiell gjeld	377 315	377 315	93 689	93 689
Sum finansielle gjeld	26 048 190	26 045 250	21 772 284	21 861 391
Finansiell gjeld summert etter klassifisering				
Finansiell gjeld bestemt bokført til verkeleg verdi	5 124 830	5 124 830	2 042 623	2 042 623
Finansiell gjeld til amortisert kost, lån og fordringar	20 923 360	20 920 420	19 729 660	19 818 767
Sum finansiell gjeld	26 048 190	26 045 250	21 772 284	21 861 391

Note 25 Verdssetting av finansielle egedelar

Spesifikasjon av finansielle egedelar til verkeleg verdi

	Kvoterte prisar og observerbare føresetnader		Bokført verdi	
	2022	2021	2022	2021
Finans, bank og forsikring	101 432	120 309	101 432	120 309
Stat og statsgarantert	105 952	112 835	105 952	112 835
Sum	207 384	233 145	207 384	233 145

Verdssettingsmetode

Norske obligasjonar og sertifikat blir målt til verkeleg verdi basert på verdssettingsteknikkar. I verdssettingsteknikkane nyttar vi kurser frå ekstern leverandør

Note 26 Sertifikat og obligasjonar

Sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi med verdiendring over resultat	2022			2021		
	Sertifikat	Obligasjonar	Sum	Sertifikat	Obligasjonar	Sum
Sertifikat og obligasjonar, bokført verdi	0	207 384	207 384	0	233 145	233 145
Av dette børsnotert	0	207 384	207 384	0	233 145	233 145
Pålydande verdi	0	200 000	200 000	0	230 000	230 000
Sektorfordeling						
Finans, bank og forsikring	0	101 432	101 432	0	120 309	120 309
Stat og statsgarantert	0	105 952	105 952	0	112 835	112 835
Sum	0	207 384	207 384	0	233 145	233 145
Modifisert durasjon (år)	0,00	0,11	0,11	0,00	0,13	0,13
Gjennomsnittleg vekta effektiv rente pr. 31.12.	0,00 %	3,51 %	3,51 %	0,00 %	1,16 %	1,16 %
Forfallsstruktur på obligasjons- og sertifikatplasseringar (marknadsverdi)						
2022	0	0	0	0	130 250	130 250
2023	0	0	0	0	102 895	102 895
2026	0	101 432	101 432	0	0	0
2027	0	105 952	105 952	0	0	0
SUM	0	207 384	207 384	0	233 145	233 145

Alle verdipapir er i norske kroner.

Note 27 Gjeld til kredittinstitusjonar

	2022	2021
Sum gjeld til kredittinst. utan avtalt løpetid til amortisert kost	0	0
Sum gjeld til kredittinst. med avtalt løpetid til amortisert kost	4 318 520	1 149 260
Sum gjeld til kredittinstitusjonar til amortisert kost	4 318 520	1 149 260

Selskapet har fleire avtaler med Sparebanken Sogn og Fjordane som regulerer ulike forhold rundt drift og trekkrettar. For nærare informasjon om desse avtalane blir det vist til note 21.

Note 28 Gjeld stifta ved utferding av verdipapir

	31.12.22	31.12.21
Sertifikat og andre kortsiktige låneopptak	0	0
Obligasjonsgjeld til amortisert kost	16 411 000	18 400 000
Eigne ikkje amortiserte sertifikat/obligasjonar til amortisert kost	0	0
Obligasjonsgjeld til verkeleg verdi	5 025 000	2 000 000
Sum gjeld stifta ved utskrivning av verdipapir (pålydande)	21 436 000	20 400 000

Løpetid

Gjenstående løpetid (pålydande verdi)

2022	0	2 500 000
2023	2 011 000	2 500 000
2024	2 500 000	2 500 000
2025	3 000 000	3 000 000
2026	4 000 000	4 000 000
2027	4 900 000	3 900 000
2029	1 000 000	0
2030	1 000 000	500 000
2032	525 000	0
2033	1 000 000	500 000
2034	1 000 000	1 000 000
2037	500 000	0
Sum	21 436 000	20 400 000

Nye lån i 2022	4 025 000
Tilbakebetalingar i perioden	2 989 000

2022

ISIN NUMMER	PÅ- LYDANDE	RENTE	MARGIN	UTLØPS- DATO *)	BOKFØRT 31.12.22
NO0010782543	2 011 000	3 MND. NIBOR	0,60 %	15.06.23	2 014 666
NO0010819170	2 500 000	3 MND. NIBOR	0,42 %	15.04.24	2 518 567
NO0010843311	3 000 000	3 MND. NIBOR	0,49 %	23.04.25	3 021 859
NO0010881048	4 000 000	3 MND. NIBOR	0,49 %	18.06.26	4 016 670
NO0011008377	4 000 000	3 MND. NIBOR	0,75 %	27.05.27	4 089 309
NO0010895329	900 000	3 MND. NIBOR	0,40 %	12.10.27	907 301
NO0012713553	1 000 000	4,140 % FAST		04.10.29	1 030 448
NO0010871643	1 000 000	2,300 % FAST		19.06.30	929 092
NO0012767963	525 000	3,800 % FAST		30.08.32	527 930
NO0010830524	1 000 000	2,675 % FAST		31.08.33	924 588
NO0010863772	1 000 000	2,040 % FAST		20.09.34	861 013
NO0012654476	500 000	3,720 % FAST		31.08.37	510 913
Sum gjeld stifta ved utskrivning av verdipapir					21 352 355

Note 28 Gjeld stifta ved utferding av verdipapir, framhald

2021

ISIN NUMMER	PÅ- LYDANDE	RENTE	MARGIN	UTLØPS- DATO *)	BOKFØRT 31.12.21
NO0010770019	2 500 000	3 MND. NIBOR	0,67 %	15.06.22	2 501 723
NO0010782543	2 500 000	3 MND. NIBOR	0,60 %	15.06.23	2 502 267
NO0010819170	2 500 000	3 MND. NIBOR	0,42 %	15.04.24	2 504 917
NO0010843311	3 000 000	3 MND. NIBOR	0,49 %	23.04.25	3 006 868
NO0010881048	4 000 000	3 MND. NIBOR	0,49 %	18.06.26	4 016 672
NO0011008377	3 000 000	3 MND. NIBOR	0,75 %	27.05.27	3 081 925
NO0010895329	900 000	3 MND. NIBOR	0,40 %	12.10.27	902 491
NO0010871643	500 000	2,300 % FAST		19.06.30	507 221
NO0010830524	500 000	2,675 % FAST		31.08.33	522 685
NO0010863772	1 000 000	2,040 % FAST		20.09.34	982 566
Sum gjeld stifta ved utskriving av verdipapir					20 529 335

Tabellane viser ordinære forfall.

*) Iflg. avtalevilkår kan utløpsdato forlengast med eitt år.

Alle lån er i NOK.

Til inngåtte låneavtalar er det knytt standard lånevilkår.

Note 29 Anna gjeld og avsetningar

	2022	2021
Påløpne kostnader og ikkje opptente inntekter	6	5
Anna gjeld	954	14 019
Tapsavsetning unytta kredittar	142	62
Sum anna gjeld og avsetningar	1 102	14 086

Note 30 Forpliktingar utanom balansen

Selskapet har ingen forpliktingar utanom balansen.

Note 31 Tvistemål

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har i 2022 ikkje vore part i tvistesaker.

Note 32 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i selskapet pr. 31.12.2022 er sett saman av følgjande aksjeklassar

	Antal	Pålydande	Bokført (i 1.000 kr)
A-aksjar	21 500 000	100	2 150 000
Sum	21 500 000		2 150 000

Eigarstruktur

Største aksjonærar i selskapet pr. 31.12.2022

	A-aksjar	Eigarandel	Stemmeandel
Sparebanken Sogn og Fjordane	21 500 000	100 %	100 %
Totalt antal aksjar	21 500 000	100 %	100 %

Ingen medlemmer av styret eller dagleg leiar eig aksjar eller har opsjonar.

Note 33 Finansielle derivat

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS handlar finansielle derivat for å sikre og styre marknadsrisiko i samband med utlegging av fastrente-obligasjonar. Det blir ikkje handla valutarelaterte kontrakter slik at alle finansielle derivat er renterelaterte. Kontraktene blir bokført til verkeleg verdi.

	2022			2021		
	Nominelle verdiar totalt	Positiv marknads- verdi	Negativ marknads- verdi	Nominelle verdiar totalt	Positiv marknads- verdi	Negativ marknads- verdi
Renterelaterte kontrakter						
Swapper	5 025 000	68 628	340 847	2 000 000	41 709	30 151
Sum finansielle derivat	5 025 000	68 628	340 847	2 000 000	41 709	30 151

Note 34 Sikringsbokføring

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS nyttar sikringsbokføring for verdipapirgjeld som er teke opp med fast rente. Formålet er å motvirke verdisvingningar på obligasjonsinnlånet. Sikringsobjektet (obligasjonsinnlånet) blir vurdert til verkeleg verdi med verdiendring mot netto resultat frå finansielle instrumentet, og sikringsinstrumentet (derivatet) blir vurdert til verkeleg verdi med verdiendring mot netto resultat frå finansielle instrument.

Det er Sparebanken Sogn og Fjordane som er motpart i alle derivatkontraktene, og partane har inngått ISDA avtale seg i mellom, som regulerer all derivathandel. Med bakgrunn i dette, blir det dagleg målt verdiendringar på derivatkontraktene og utveksla sikkerhet mellom partane ved eventuelle svingingar, for å redusere risikoen til begge partane.

Pr. 31.12.22 omfattar sikringsbokføringa elleve forhold, og dette er direkte kopla ved at sikringsobjektet og sikringsinstrumentet har eksakt same vilkår (rente, løpetid, pålydande). Sikringseffektiviteten er rekna med bakgrunn i 1 % skift i rentekurva og resultateffekten dette medfører.

	2022	2021
Sikringsinstrument		
Nominell inngåande verdi	5 025 000	2 000 000
Verdiendring (+tap/-vinst)	232 221	112 672
Sikringsobjekt		
Nominell inngåande verdi	5 025 000	2 000 000
Verdiendring (+tap/-vinst)	- 224 601	- 112 864
Netto verdiendring - Ineffektivitet med sikringa (+tap/-vinst)	7 620	- 192
Sikringsgrad	100,00 %	100,00 %
Vekta sikringseffektivitet	104,28 %	103,47 %

Sikringsbokføring er nytta på følgjande obligasjonar med fortrinnsrett og med tilhøyrande sikringsinstrument

	Nominell verdi	Restløpetid
SSFBK15PRO		
<i>Sikringsobjekt</i>	1 000 000	31.08.2033
<i>Sikringsinstrument</i>	1 000 000	31.08.2033
SSFBK17PRO (delt i tre bolkar)		
<i>Sikringsobjekt</i>	1 000 000	20.09.2034
<i>Sikringsinstrument</i>	1 000 000	20.09.2034
SSFBK18PRO		
<i>Sikringsobjekt</i>	1 000 000	19.06.2030
<i>Sikringsinstrument</i>	1 000 000	19.06.2030
SSFBK22PRO		
<i>Sikringsobjekt</i>	500 000	31.08.2037
<i>Sikringsinstrument</i>	500 000	31.08.2037
SSFBK23PRO		
<i>Sikringsobjekt</i>	1 000 000	04.10.2029
<i>Sikringsinstrument</i>	1 000 000	04.10.2029
SSFBK24PRO		
<i>Sikringsobjekt</i>	525 000	30.08.2032
<i>Sikringsinstrument</i>	525 000	30.08.2032

ERKLÆRING FRÅ STYRET OG DAGLEG LEIAR

Vi erklærer etter beste overtying at årsrekneskapen for 2022 er utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og at opplysningane i rekneskapen viser eit rett bilde av selskapet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat. Styret meiner at årsmeldinga gir ei rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til selskapet, og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forholda og risikofaktorane selskapet står overfor.

Førde, 07.02.2023


Styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS



Frode Vasseth
Styreleiar



Linda Vøllestad Westbye



Ingeborg Aase Fransson



Peter Midthun



Irene Flølo
Dagleg leiar

Til generalforsamlinga i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS som er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultat, egenkapitaloppstilling og kontantstrømoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til rekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatata og kontantstrømane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.

Vår konklusjon er konsistent med vår tilleggsrapport til revisjonsutvalet.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Vi er ikkje kjend med at vi har levert tenester som er i strid med forbodet i revisjonsforordninga (EU) No 537/2014 artikkel 5 nr. 1.

Vi har vore Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS sin revisor samanhengande i seks år frå valet på generalforsamlinga den 5. mai 2017 for rekneskapsåret 2017.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2022. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utført og då danna vi oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett, og vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

IT-system og -kontrollar relevante for finansiell rapportering

Beskriving av sentrale tilhøve	Korleis har vår revisjon adressert sentrale tilhøve
<p>Bustadkreditt Sogn og Fjordane (Bustadkreditt) sine IT-system er heilt sentrale for føringa av rekneskapen og rapporteringa av gjennomførte transaksjonar, for å skaffe grunnlag for viktige estimat og berekningar, og for å skaffe relevant tilleggsinformasjon.</p> <p>IT-systema er i stor grad standardiserte, og forvaltinga og drifta er i stor grad utsett til tenesteleverandørar.</p> <p>God styring og kontroll med IT-systema både i Bustadkreditt og hos tenesteleverandørane er av vesentleg betydning for å sikre nøyaktig, fullstendig og påliteleg finansiell rapportering og er difor eit sentralt forhold i revisjonen.</p>	<p>Bustadkreditt har etablert ein overordna styringsmodell og kontrollaktivitetar knytt til sine IT-system. Vi har opparbeidd oss ei forståing for Bustadkreditt sin overordna styringsmodell for IT- system som er relevant for den finansielle rapporteringa.</p> <p>Vi har vurdert og testa utforminga av utvalde kontrollaktivitetar relevante for den finansielle rapporteringa, knytt til kjernebanksystemet, med omsyn til tilgangsstyring. For eit utval av desse kontrollaktivitetane testa vi om dei hadde fungert i perioden.</p> <p>Vi vurderte tredjepartsbekreftinga (ISAE 3402-rapport) frå Bustadkreditt sin tenesteleverandør av kjernebanksystemet med omsyn til om denne hadde tilfredsstillande internkontroll på IT-området som kan ha betydning for Bustadkreditt si finansielle rapportering.</p> <p>Vi vurderte òg tredjepartsbekreftinga (ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger) knytt til tenesteleverandøren av kjernebanksystemet med omsyn til om utvalde automatiske kontrollaktivitetar i IT-systema, medrekna blant anna knytt til berekning av renter og gebyr og utvalde systemgenererte rapportar, var tilfredsstillande utforma og om dei hadde fungert i perioden.</p> <p>Vi nytta eigne IT-spesialistar i arbeidet med å forstå den overordna styringsmodellen for IT-system og i vurderinga og testinga av kontrollaktivitetar.</p>

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvise bilete i samsvar med International Financial Reporting Standards som er fastsett av EU. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern

kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta, og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette og å bruke føresetnaden om at drifta kan halde fram med mindre leiinga enten har til hensikt å avvike selskapet eller å avslutte drifta, eller ikkje har noko anna realistisk alternativ.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

Vi gjev ei melding til revisjonsutvalet om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengigheit, og kommuniserer med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheita vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Av dei tilhøva vi har kommunisert med styret, tar vi standpunkt til kva for tilhøve som var av størst betydning for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse tilhøva i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at tilhøvet vert gjort offentleg, eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at eit tilhøve ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei

negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at tilhøvet vert omtala.

Florø, 7. februar 2023
Deloitte AS

Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor

Opplysningar om selskapet

ADRESSE:

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS
Langebruvegen 12
6800 Førde

TELEFON 57 82 97 00

FØRETAKSNUMMER 946 917 990

LEIING

Irene Flølo Dagleg leiar

STYRE

Frode Vasseth	Styreleiar
Linda Vøllestad Westbye	Styremedlem
Ingeborg Aase Fransson	Styremedlem
Peter Midthun	Styremedlem

KONTAKTPERSON

Irene Flølo, dagleg leiar
Tlf. 97 66 76 15